


**MELLOMBELS UTKAST TIL  
VERNEPLAN FOR MYRAR**

**MØRE OG ROMSDAL FYLKE**



**MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58 000  
6400 MOLDE**

Rapport nr. 8/85



INNHOLDSFORTEGNELSE

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
2. MYR - EIT VARIERT OG UTSETT ØKOSYSTEM	2
2.1 ØKONOMISK UTNYTTING	2
2.2 VERDIEN AV URØRTE MYRAR	2
2.3 KULTURHISTORISK UTNYTTING AV TORVMYRAR	4
3. MYR OG MYRTYPAR	7
3.1 MYRAREAL	7
3.2 INNDELING AV MYRTYPAR	7
3.3 GENERELT OM KYSTMYRANE	16
4. VERNEPLAN FOR MYR I MØRE OG ROMSDAL	17
4.1 REGISTRERING AV VERNEVERDIGE MYROMRÅDE	17
4.2 VURDERING AV VERNEVERDI - PRIORITERING	22
4.3 ARBEIDET MED UTKASTET TIL VERNEPLAN FOR MYR I MØRE OG ROMSDAL	26
4.4 OMTALE AV DEI EINSKILDE LOKALITETANE I VERNEPLANFRAMLEGGET	33
5. KVA INNEBER VERN?	94
5.1 LOVHEIMEL	94
5.2 FORSLAG TIL GENERELLE FREDNINGSFØRESEGNER	95
5.3 SAKSBEHANDLING OG FORVALTNING	97
5.4 ØKONOMISK ERSTATNING	98
6. FORKLARING AV EIN DEL ORD OG UTTRYKK	100
7. LITTERATURLISTE	102



## **1. INNLEIING**

For 15.000-20.000 år sidan var nesten heile Skandinavia dekt av is. Berre nokre få plante- og dyrearter kan kanskje ha overlevd den siste istida ytst ved kysten eller på dei høgste fjelltoppane. Etter kvart drog isen seg attende og planter og dyr byrja å vandre inn frå dei kringliggende områda. Ulike planteartar fann tilfredsstillande levevilkår i forskjellige område, avhengig av sine krav til samansetting av jordbotnen og klimaet. På denne måten blei det dannar lauv- og barskogar, myrar og heier. Fugle- og dyreartar hadde ulike krav til terreng og vegetasjon i dei områda dei skulle leve i. Dyrelivet varierer derfor i takt med variasjonen i vegetasjon og naturtilhøve elles.

I fleire tusen år levde menneska her i landet i og av naturen utan at dei gjennomførte større, uomgjerlege endringar i landskapsbiletet, eller av plante- og dyrelivet. Etter kvart blei ein del område dyrka opp eller nedbygd, men inngrepa i naturen var framleis heller små. Den tekniske utviklinga dei siste hundre åra har imidlertid gitt vår generasjon nesten uavgrensa høve til totalt å omforme landskapsbiletet og til å gjere store og ubøtande naturinngrep. Dette kan få skjebnesvangre følgjer for ei lang rekke plante- og dyreartar. Dei artane som er knytte til sjeldne naturtyper vil vere serleg utsette, men også andre artar vil kunne få leveområda sine sterkt nedskorne.

Samstundes som den tekniske utviklinga har gitt oss auka materiell velstand, har den og ført med seg store omveltingar i naturmiljøet. I føremålsparagrafen i naturvernlova av 19. juni 1970 heiter det derfor:

**"Naturen er en nasjonalverdi som må vernes.**

Naturvern er å disponere naturressursene ut fra hensynet til den nære samhørighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden.

**En hver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen.**

**Inngrep i naturen bør bare foretas ut fra en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskenes virksomhet, helse og trivsel."**

I samsvar med dette vil det nå i all fysisk planlegging måtte setjast etter måten klare krav om at det skal takast naturvernmessige omsyn. Dette er naudsynt både for å bevare spesielle naturtyper og for å gje planlegginga ei breidde som tek rimelege omsyn til dei langsiktige perspektiva i naturressursforvaltinga som naturvernlova føreset.

Det er enkelte naturtyper som det i dag er serleg stort press på. Det er eit tilsvarande behov for å få ei oversikt over kor store ressursar vi har av desse naturtypene og for å finne ut korleis ressursane best kan forvaltast for framtida. Blant desse naturtypene er våre myrområde.

## 2. MYR - EIT VARIERT OG UTSETT ØKOSYSTEM

Myr har vore nytta av menneska til ulike formål gjennom alle tider. Men myr har og mykje å seie for plante- og dyreliv, og den har ein eigenverdi som naturtype.

### 2.1 ØKONOMISK UTNYTTING

Jordbruket har i alle tider nytta myrane som produksjonsareal. Før var myrslått og beite den mest vanlege utnyttingsmåten, medan det dei siste åra har blitt dyrka store areal for å auke produksjonen. I Møre og Romsdal vart det i åra 1981-1984 gitt tilskot til nydyrkning av 30700 dekar, ein stor del av det myr. Ein reknar med at det også i åra framover vil bli dyrka store areal med myr.

Skogbruket grøftar og kvart år store område med myr og fuktig skogsmark for skogreising og betring av bonitetene. Sjølv om ikkje ei myr vert fullstendig tørrlagd ved skogsgrøfting, blir dei hydrologiske tilhøva, og dermed myrtypen, sterkt endra. I 1983 vart det i Møre og Romsdal grøfta 3300 dekar til skogreising.

Dei siste åra har det til jord- og skogbruksføremål vorte grøfta omlag 60 km<sup>2</sup> årleg på landsbasis. Totalt for Norge er omlag 5000 km<sup>2</sup> eller omkring 25 % av myrarealet under skoggrensa grøfta. 60 % av det arealet som vert nydyrka i dag, er myr.

I kyststroka har det i mangel av trevirke vorte avtorva store areal til brenselsføremål. Dei seinare åra har og strøtorv-produksjon fått eit stort omfang. Strø-torv blei tidlegare mest nytta til å samle gjødsel i driftsbygningar. I dag blir slik torv i stor grad nytta som dyrkingsmedium og til å betre skrinn jord.

Med dei effektive metodane ein i dag rår over for tørrlegging av myrområde, blir og myr som ligg i sentrale strøk mykje nytta til utbyggingsføremål.

Det er særleg myrane i låglandet som er utsett for kultivering og tekniske inngrep. Men i fjellet er og mange myrområde øydelagde i samband med kraftutbygging.

Plukking av molter gir eit viktig tilskot til inntekta mange stader i landet vårt. Også andre bærslag veks på og ved myr. Myrglenner i skogsterren er viktige for den aukande viltstammen i Møre og Romsdal. Dette er, saman med beite, døme på korleis vi nyttar myr i naturtilstanden til økonomisk vinning.

### 2.2 VERDIEN AV URØRTE MYRAR

Som ein ser, minkar talet på urørde myrområde. Nytt grøfteutstyr og nye grøftemetodar gjer det mogleg å nytte myrområda våre til mange føremål. Men landbruksføremål er enno klart den vanlegaste grunnen til grøfting av eit myrområde. Da ikkje alle myrtypar er like lønsame å kultivere, vil nokre myrtypar vere meir utsette enn andre. Særleg er låglandsmyrane og dei næringsrike myrane utsette for kultivering.

Som nemnt i innleiinga, bør det leggjast ei allsidig ressursdisponering til grunn for alle inngrep i naturen. Det vil mellom anna seie at også andre verdiar enn dei reint økonomiske må takast omsyn til. Dei viktigaste motiva for vern av myr kan oppsummerast slik:

#### Vassregulering

Torv har stor evne til å ta opp vatn. Ei myr vil derfor verke utjamnande på grunnvassnivå og vassføring både i tørke- og flaumperioder. Blir myra grøfta, kan ein få grunnvassenkingar over større område og flaumtoppane kan bli større i heile vassdraget nedanfor. Myra har også evne til å filtrere forureina nedbørsvatn.

#### Rekreasjon, landskap

Myr er eit vesentleg og karakteristisk innslag i det skandinaviske landskapet. Mange stader i låglandet representerer myr den mest opprinnelege urørde naturtypen, og for å sikre allsidige naturområde er det naudsynt å verne om myrområda våre. Myrområda har ofte stor estetisk verdi og skaper variasjon i lukka skogsterren. Om vinteren gir dei fint skiterrend og om hausten er myrane målet for mange ivrige bærplukkarar og jegerar. Slik er også mange myrområde viktige for friluftslivet.

#### Undervising og forsking

Naturlege myrsystem er verdfulle referanseområde for dei fleste greinane innafor naturvitenskapen. Eit referanseområde er eit naturområde som er intakt, og som kan nyttast under samanliknande studier i liknande område som er utsett for inngrep. Kunnskap om naturen finn ein først og fremst i lite påverka naturmiljø, og slik viten er særskilt viktig for vår forvalting og utnytting av naturen i framtida.

Urørde myrområde har også stor verd som ekskursjonsområde for skuleelevar og studentar. For å gjere ei økologisk retta undervising levande, må ein ut i naturen for å sjå med eigne øye korleis naturlege myrsystem fungerar. Intakte myrar er viktige når ein t.d. vil samanlikne med meir kultiverde område for å kunne sjå variasjonen i dyre- og planteliv i samanheng med dei endra miljøfaktorane.

Ei myr er eit verdfullt arkiv for studier av vår vegetasjons-, klima-, og kulturhistorie dei siste 10 - 15 000 år. Straks etter at isen smelta unna starta forsumpinga og torvdannninga. Og kvart einaste år sidan den gang har myra motteke eit regn av blomsterstøv (pollen) over seg. Dette blir lagra i myra, årgang over årgang. Da blomsterstøv held seg ekstremt godt, kan ein ved å ta prøver av myra finne ut kva slags planter som har vakse i området til ei kvar tid. Dermed kan ein også finne ut om klimaet har vore kaldt eller varmt, og t.d. når våre forfedre starta med dyrking av kulturvekster på ulike stader i landet.

#### Dyrelivet på myr

Mange dyreartar er avhengige av vekslande miljø i sitt leveområde. Ofte stiller dei ulike krav til beiteområde og område for hvile.

Myrområda vil alltid skilje seg ut fra områda rundt med omsyn til fukt, vegetasjon og topografi, og kan slik tilfredsstille krava til mange dyreartar i heile eller delar av deira døgn- eller årssyklus. Eit døme på dette er hjorten som gjerne beiter og tek gjørmebad i myrkanten, medan den kviler inne i skogen.

Mange fugleartar er heilt avhengige av våtmarksområde for å trivast. Myr er og våtmark. Kystmyrane opptrer ofte saman med grunne sjøområde og strandenger, og i slike varierte miljø vil ei rekkje fugleartar trivast. Som døme kan ein nemne myrsnipe, brushane, småspove, tjeld, raudstilk, storaspove og enkeltbekkasin.

Myrområda i indre og høgareliggende strøk er oftaast ulike frå kystmyrane. Fastmarkskollar med skog, bekkar, tjern og variert vegetasjon gjer at mange andre fugleartar trivs her, som t.d. krikkand, sivspurv, dobbeltbekkasin, trane, gluttsnipe og ei rad andre. Orrfugl har ofte spellassane sine på myrflater i skogen, og ein fugl som t.d. jordugle trivst best i åpne myrområde i fjellet.

Mange lågareståande dyreartar er knytt til myr. I Møre og Romsdal finst både stor og liten salamander. Desse sjeldne amfibiane er heilt avhengige av myrtjern. Frosk finn ein ofte i myrtjern, og mange sneglar og insektartar krev heilt spesielle myrtypar for å trivast. Frosk, sneglar og insekt er næringsemne for ei rekkje fugleartar, og slik heilt naudsynt for at nokre av dei fuglane som er nemnt, kan trivast der dei lever i dag.

I arbeidet med dette utkastet til verneplan for myr er det tatt lite omsyn til myrlokalitetane sin verdi for dyre- og fugleliv. Eit variert utval av myr med omsyn til vegetasjon og hydrologi, som dette verneplan-utkastet, vil likevel sikre leveområde for mange artar. I tillegg er det utarbeidd eit utkast til verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal, der og nokre myrlokalitetar er med, i første rekke av omsyn til fuglelivet.

## 2.3 KULTURHISTORISK UTNYTTING AV TORVEMYRAR

Fra Ytre Bø i Herøy kommune på Sunnmøre er det funne ein torvrekke laga av furu. Denne er datert til jarnalderen og viser at torv har vore nytta til brensel langt attende i tida i Norge. Torv vart brend på alle eldstader på ein gard. Til oppvarming og kokking i gardshuset, til eld i eit eige eldhus, til bakstehella, i tørkehuset (kjona) og i smia. Brenntorv har mange stader i landet vore av vital verdi for eksistens og busettnad.

I torvdistrikta måtte ein gi arbeidet med torvsanking prioritert blant alle andre aktivitetar. Torvskjering var vanlegvis passa inn mellom våronn og slåttonn, slik at mai var den store torvskjeringsmåna den heile vegen frå Vest-Agder til Møre og Romsdal. I dei fleste tilfella var det nok å arbeide i ei knapp veke for å få nok brenntorv for eit år framover. I tillegg kjem tida som går med til arbeidet med torva under tørking og til transport heim.

Dersom tilhøva gjorde det mogleg, var det ein fordel å få den tørre

torva heim på seinsommaren. Men ofte måtte ein lagre torva nær myra til ein kunne frakte ho heim på vinterføre. Derfor har torvskur vore svært vanleg over heile landet. Torvskura var heilt opne konstruksjonar som tillet vinden å blåse igjennom. Derimot måtte taket vere godt.

Av di det var så viktig å sikre seg nok brensel, kom kystfolket ofte i ein konfliktsituasjon i høve til fisket. Ein måtte velje mellom fiske og torvtaking i sesongar da fisket fall saman med torvarbeid. Statistikken syner at år med lita torvtaking fell saman med gode fiskeår. Da kunne det vere meir lønsamt å kjøpe ved til brensel.

Eige av bruksrett til ei god torvmyr har alltid vore høgt vurdert i skogfattige strok. Eigaren til eit bruk var einaste brukar av torva som var på innmarka. Men i den felles utmarka kunne alle brukarane skjere torv der dei ønskte. Seinare, etter utskiftinga av marka, fekk kvar og ein sin del av torvmyra.

Torvtaking representerte for mange ein ekstra arbeidssesong i året. På same måten var det eit fast sett med reiskapar som høynde til, godt tilpassa lokale tilhøve. Reglar for samarbeid og rettar vart utvikla, og nokre av dei har framleis liv som delar av lovverket.

Da elektrisk kraft gradvis vart billegare og aktuell til koking og oppvarming, merka ein den første store nedgangen i bruk av torv. Men under andre verdskrigene kom eit nytt oppsving i torvtakinga. I dei fleste distrikta slutta ein å nytte brenntorv kring 1950.

Utanom torv til brenntorv har ein nytta torv som strøtorv for oppsamling av flytande gjødsel i fjøs og stall. Også denne bruken er gått attende dei seinare åra. I dag er strøtorv og torvmold nytta som isolasjonsmateriale og til bruk i gartneri og hagebruk.

Utnytting av myrar til markslått er kjend fra gammal tid, men har vore i tilbakegang etter hundreårskiftet. Folk fortel at det blei slått alle stader der det var noko å slå. I Rindal blei t.d. ei myr slått dersom det var så mykje som "tre strå på ljåen". Bøndene kjende til at myrane raskt grodde att av bjørk, vier og lyng dersom dei blei liggjande uslått. Det gjaldt tvert om å utvide området som var lett å slå ved å fjerne lyng og kratt i kantane.

Slåtten i marka tok til kring 1. august og varde vanlegvis til snøen kom. Oftast slo ein slåttemarkene annakvart år, nokre stader sjeldnare. Men på nokre myrar med særleg rik tilgang på næring, tolte myra å bli slått kvart år eller to av tre år. I generasjonar har røynsle vist kva som lønte seg, og bøndene hadde god greie på korleis dei best kunne nytte produksjonen på markene.

Produksjonen på slåttemarkene og kvaliteten på foret varierer, og det var om å gjere å sikre seg dei beste markene. På slåttemyrane er vegetasjonen dominert av næringfattige planter som starr, siv og duskull, medan gras og urter dominerer engvegetasjonen. Viktigast for slåtten var bakemyrane opp mot fjellet. Dessutan kunne flaummyrane, som ved årlege flaumar blei tilførde næring, utgjere viktige slåttemarker.

Interessa for myrane som dyrkingsjord er ikkje av ny dato. Alt kring 1750 tok ein til å interessere seg for dyrking av eng og forvekstar, og dermed kom myrane inn i biletet. Grøfteteknikk kjende ein lite til, og mange dyrkingstiltak vart mislukka. Først da mine-

ralgjødsla kom på marknaden kring siste hundreårsskiftet blei det meir fart i arbeidet. Også skogbruket er etterkvart kome sterkare inn i biletet når det gjeld kultivering av myrområde.

Det knyter seg mykje kulturhistorie til myrane og bruken av dei. Derfor har dei krav på vår merksemd også fra den synstaden.

### **3. MYR OG MYRTYPAR**

Myr er økosystem som finst der grunnvatnet står høgt, men oftest ikke i dagen. Den høge grunnavstanden fører til oksygenmangel i jorda, og siden oksygen er viktig for nedbrytinga av daudt plantemateriale, vil det bli ei opphoping av organisk materiale, torv.

Omgrepet myr blir definert på fleire ulike måtar, og om utgangspunktet er biologisk, geologisk, geografisk eller ein kombinasjon av desse, blir resultata ulike. Botanisk sett er myra veksestad for ein viss type vegetasjon, geologisk er myra ei lagrekke med torv og geografisk sett er myra eit landområde. Den siste definisjonen stemmer best med den vanlege bruken av omgrepet. Med myr vil ein derfor meine eit landområde inkludert myrplantane og torva som plantane danner.

#### **3.1 MYRAREAL**

Dei mest fullstendige utrekningane på myrarealet i Norge basert på markarbeid, er utført av Landsskogstakseringa. Men for Møre og Romsdal er berre "skogkommunane" takserte, dvs. nokre kommunar i midtre og nordlege del, som totalt dekkjer omlag 1/3 av landarealet for fylket. I desse kommunane blei det rekna ut at myrarealet under skoggrensa er 17% av totalarealet.

Det Norske Jord- og Myrselskap har rekna ut myrarealet for 1/4 av totalarealet for fylket, i hovudsak for kystkommunane. Myrselskapet fann at myrarealet her utgjorde 8,2 % av landarealet.

Som konklusjon gjeld det at myrarealet i Møre og Romsdal er dårlig kartlagt, og at arealopplysingane er usikre. Myrområda synest å utgjere noko mindre enn 10 % av totalarealet av fylket.

#### **3.2 INNDELING AV MYRTYPAR**

Når ein skal finne fram til myrområde som eignar seg til vern, må ein ha ein måte å dele dei inn på slik at dei kan vurderast opp mot kvarandre. Folk som går mykje i naturen, legg fort merke til at det er stor skilnad frå flate tuemyrar ved kysten til bratte og blomsterrike myrer inne i dalane.

I verneplanarbeidet er det skilt mellom fire ulike måtar å dele inn myrområda på:

1. etter danningsmåten
2. etter hydrologiske tilhøve
3. etter myrtypen
4. etter vegetasjonen

I dette avsnittet er det nytta nokre faguttrykk, og kva desse tyder vil ein finne i ordlista bak i heftet.

### 1. Inndeling etter danningsmåten

Ei myr er anten danna ved gjenveksing av eit tjern, ved forsuming på fastmark eller ved torvdanning direkte på fuktig mark. Denne inndelinga gir lite relevant informasjon i verneplanarbeidet, og er ikkje nytta vidare.

### 2. Inndeling etter hydrologiske tilhøve

Denne inndelinga er gjort etter korleis myra får sin vasstilførsel.

Myr som berre får tilførsel av vatn gjennom nedbøren, vert kalla nedbørsmyr (ombrogen myr).

Myr som i tillegg får tilførsel av vatn som har vore i kontakt med mineraljorda, vert kalla jordvassmyr (minerogen myr). Slikt jordvatn har meir opplyste næringsemne enn nedbørsvatn, og minerogene myrer er derfor meir næringsrike og er veksestad for meir kravfulle planteartar. Minerogene myrar vert vidare delte inn etter måten dei får grunnvatnet på:

- Topogen myr har omlag vassrett grunnvasspegel og myroverflata er omlag flat. Desse myrane er vanlegvis danna ved gjenveksing av tjern (flatmyrer).
- Soligen myr har tydeleg hellande overflate på grunnvatnet. Myra ligg i skrånande terreng (bakkemyr, strengmyr).
- Limnogen myr får tilført overflatevatn frå bekkar, elvar o.l.

Denne hydrologiske inndelinga er ikkje nytta i verneplanarbeidet, men dei omgrepa som er brukte her, er viktige for vidare inndeling.

### 3. Inndeling etter myrtypen

Topografi, klima og undergrunn (berggrunn og lausmasser) er faktorar som verkar inn på myrdanninga. Særleg klimavariasjonar gjer at dei einskilde myrtypane er bundne til faste regionar i landet.

Denne inndelinga byggjer på myrane si ytre form (morfologi) og markfukta (hydrologi). Et myrkopleks (det vi til dagleg kallar ei myr) er ofte samansett av fleire myrelementsamlingar, både ombrotrofe, minerotrofe og blandingstypar. Desse myrelementsamlingane kan delast inn i sju hovudtypar. Dei fire første er ombrotrofe myrtypar (nedbørsmyrar).

#### A Ekte høgmyr

Dei ekte høgmyrane har kvelvd form, med høgste punktet ein stad inne på myrflata, når dei er særleg fint utforma. Dette kjem av at nedbrytinga ute på myrflata, der myra berre får tilført næringsfattig nedbørsvatn, går mykje seinare enn inne ved kanten (laggen) der myra får tilsig av jordvatn. Til vanleg er desse myrtypane klart avgrensa mot fastmark eller andre myrtypar med kantskog og lagg.

Ak Konsentrisk høgmyr.

Her ligg det høgste punktet nær midten av myra. Omkring dette ligg vekselvis tørre strengforma tuer og våte høljer meir eller mindre sirkelforma ut fra midten. Ytterst er det ofte ein furukledd kantsone og ei våt jordvasspåverka rand mot fastmarka (laggen). Denne myrtypen fins i låglandet, særleg i Trøndelag og på Austlandet. Den er ikkje registrert i Møre og Romsdal.

Ae Eksentrisk høgmyr

Myra vert ofte danna på svakt hellande undergrunn, og har kvelvd form. Den har høgste punktet nær kanten, eller dei høgaste partia er ryggforma. Fint utvikla myrar har regelbundne, halvsirkelforma strukturar av tuer og høljer som går på tvers av fallretninga. Kantskog finn ein best utvikla i øvre enden, men den kan og opptre langs sidene. Laggen er som oftast ufullstendig utvikla.

Slike myrar er registrerte i kommunane Tingvoll, Surnadal, Halsa og Aure, og da i lågare strøk. Rødmyra i Halsa og Einsetmyra i Tingvoll er dei beste representantane i fylket for denne relativt sjeldne myrtypen.

Ar Kanthøgmyr

Dette er ein spesiell type av små høgmyrar med sterk kvelving. Dannar ofte rygg- eller hesteskoform i kanten av større myrkompleks. Markert lagg mot fastmarka, og ofte smal kantskog. Typen er temmeleg vanleg i nedbørrike strøk 200-500 m.o.h.

Au Platåhøgmyr

Denne myrtypen har kvelvd form, har vanlegvis trelaus myrflate og det høgste punktet nær midten, men manglar konsentriske tue-hølje-system. Har ofte lagg og kantskog. Ein variert type ekte høgmyr som ikkje fell inn under dei tre andre typane.


Slike myrar er i Møre og Romsdal registrert i Rindal, Rauma, Sykkylven, Ørsta og Molde. Gåsmyra i Sykkylven og Amsmyra i Ørsta er fine representantar for denne myrtypen, som må seiast å vere sjeldan i fylket.

B Atlantisk høgmyr

Denne myrtypen har fleire felles trekk med ekte høgmyr, men manglar kantskog og oftast har den heller ikkje utvikla skikkeleg kantskråning eller lagg. Som for dei ekte høgmyrane blir og dei atlantiske høgmyrane delte opp i fleire grupper. Ein skil mellom myrar med regelbundne (konsentriske og eksentriske) og med uregelbundne (asentriske) strukturar.

Atlantisk høgmyr finst berre ute ved kysten, og på Smøla finst nokre av dei største og finaste i Norge. Toppmyrane, som er den einaste myra i fylket som har fått internasjonal verneverdi, er eit 4 km<sup>2</sup> stort myrkompleks med eksentrisk og asentrisk atlantisk høgmyr. Ein finn og atlantisk høgmyr på mindre myrparti i Fræna og Eide.

Overgangstypar mot planmyr og ekte høgmyr er vanleg. Den siste er skild ut som eigen type der den opptrer.



Ombro-minerotroft myrkompleks som består av tre myrelementsamlinger. Til venstre eksentrisk høgmyr, til høgre planmyr og i midten flatmyr. På høgmyra er det oppgitt tre myrelement. Myrflata består av myrstrukturene hølje og tue.

<input type="checkbox"/>	Ombrogen torv	<input checked="" type="checkbox"/>	vatn
<input checked="" type="checkbox"/>	Ombrotrof myr		
<input type="checkbox"/>	Minerogen torv	<input checked="" type="checkbox"/>	Is
<input checked="" type="checkbox"/>	Minerotrof myr		
<input checked="" type="checkbox"/>	Mineraljord og berggrunn	<input type="checkbox"/>	Bjørk
		<input type="checkbox"/>	Furu

A-D: Ombrotrofe myrelementsamlinger

E : Blandingsmyr

F : Minerotrofe myrelementsamlinger

Ak (profil og overfl.)  
Konsentrisk høgmyr

Ae (profil og overfl.)  
Eksentrisk høgmyr

Ar (profil) Kanthøgmyr

Au (profil) Platuhøgmyr

B (profil) Atlantisk høgmyr

Ce (profil) Eksentrisk planmyr

Cr (profil) Kantplanmyr

Dh (profil) Terregndekkende myr s.str  
(profil og overfl.)

Es (profil) og overfl.)  
Strenghållningsmyr


Ep (profil og overfl.) Palsmyr

Eo (overfl. som Ep) Øyblandingemyr

Ff (profil) Flatmyr

Fb (profil) Bakkemyr

(Fs) Strenghållningsmyr tilsvarer Es, men med  
minerotrofe strenger)



**Figur 3.1** Skjematisk framstilling av viktige myrtyper i Norge. Høgdeskalaen er sterkt overdrevet. Øverst til venstre vises skjematisk framstilling av et myrkompleks med tre elementsamlinger. Fra Moen & Molarn (1992).

C Planmyr

Denne hovudtypen omfattar mange ulike utformingar av nedbørsmyrar. Dei er ofta utan kvelving, gjerne med små minerotrofe parti i senkingar, og med dårleg utvikla lagg og kantskog. Det fins typar med markerte strukturar, ofte mykje erosjon, og typar utan markerte strukturar. Planmyr dannar ofte overgangstypar mot terrengdekkjande myr og mot høgmyr. Dersom det er tvil om klassifiseringa av desse overgangstypane er dei rekna som planmyr. Denne myrtypen er derfor i ei viss utstrekning nyttig som samlesekke for ombrotrofe myrtypar det er vanskeleg å klassifisere til anten høgmyr eller terrengdekkjande myr.

Særleg fine utformingar av planmyr finn ein i Fræna kommune mellom Gulevatnet og Stavikelva. Myrtypen er elles vanleg under skoggrensa i heile fylket.

D Terrengdekkjande myr

Nedbørsmyr som dekkjer terrenget som eit teppe, både kuplar (haugteppemyr) og skråningar (hellande teppemyr). Ofte er torvlaget relativt tynt, og da har myra gjerne minerotrofe parti i erosjonsfurur o.l. Bakkemyr inngår ofte i lokalitetar med terrengdekkjande myr, og det kan vere vanskeleg å setje eksakt grense mellom myrtypane.

På platå i høgdenivået mellom 200 og 400 m.o.h. på øyar på Sunnmøre finst nokre av dei finaste terrengdekkjande myrane i Norge. Myrområda på Runde og på Skuløy er gode døme på denne myrtypen. Men den myra som hadde den finaste utforminga var utan tvil platået på Haramsøya. Denne myrlokaliteten hadde internasjonal verneverdi, men er i dag grøfta og dyrka. Her var det ombrotrofe myrar med opptil 2 meter tjukk torv som dekte kuplar og skråningar i terrenget. I dei nedbørsrike delane av skoggrenseområda lenger inne i fylket finn ein og flekkar av terrengdekkjande myr.

E Blandingsmyr. (Ombro-minerotrof myr)

Dette er myrar med ombrotrofe og minerotrofe myrparti i veksling. Alt etter som dei ombrotrofe partia har form av tuer, strengar eller palsar (torvhaugar med frozen kjerne) vert desse myrtypane kalla øyblandingsmyr, strengblandingsmyr og palsmyr. Dei typiske blandingsmyrane er stabile typar. Myrar som i dag har ein blanding av ombrotrofe og minerotrofe parti, men som er i ferd med å vekse seg ombrotrof, er ikkje klassifisert som blandingsmyr.

I Møre og Romsdal er det ikkje registrert palsmyr. Strengblandingsmyr er berre registrert på to lokalitetar som begge er grøfta, medan øyblandingsmyr er relativt vanleg i fylket.

F Minerotrof myr (jordvassmyr).

Omfattar myrtypar der minerotrofe parti dominarar. Jordvassmyr finst i mange utformingar med glidande overgangar slik at det kan vere vanskeleg å avgrense dei ulike typane.

Ff Flatmyr

Myroverflata er som regel plan med få og uregelbundne tuer. Grunnvasspegelen er tilnærma vassrett. Flatmyrane er ofta dannar ved gjengroing av tjern, og er vanlege i terrengsenkingar over heile fylket.

Fb Bakkemyr

Bakkemyra er dannar i hellande terren og har og hellande grunnvasspegel. Sjølve myrflata er ofta jamn, men tuebakkemyrar er og vanlege i fylket. Dei finst ute ved kysten og har store felles trekk med terrengdekkjande myr og kysthei. Lenger inn i fylket og høgare opp finn ein typiske bakkemyrar med fastmatte. Skiljet mellom flatmyr og bakkemyr er rekna ved ei helling på 3 grader.

Fs Strengmyr

Strengmyrar vert dominerte av tørre, smale strenger som demmer opp mellomliggjande våte parti (flarkar). Strengane og flarkane ligg på tvers av hittingsretninga. Til forskjell fra strengblandingsmyra er også strengene minerotrofe.

På indre delar av Nordmøre er strengmyrar nokså vanlege. Gode døme finst m.a. ved Lomundsjøen i Rindal. Einskilde lokalitetar finn ein og lenger ut mot kysten.

G Kjeldemyr

Ved kjelder blir ofte marka forsumpa og ein får dannar kjeldemyr. Desse myrane er utan unnatak små og ofte med særeigen vegetasjon. Det finst kjelder i åtte av dei foreslalte verneområda, seks av desse i høgareliggende strøk i innlandet.

## 4. Inndeling etter vegetasjon


I Norge er det tydeleg regional skilnad på myrvegetasjonen fra aust til vest og fra nord til sør i landet, og etter ulik høgde over havet. Som døme kan nemnast "gråmosemyr" som berre finst i dei vestlege delane av landet. Her veks ved sidan av gråmose også fleire andre planteartar som har vestleg utbreiing som t.d. klokkeling. Tilsvarande finst austlege vegetasjonstypar der t.d. den austlege arten granstarr dominarar.

Også innafor ei og same myr vil det vere varisjonar. Vegetasjonen er ulik etter varierande økologiske tilhøve, ein snakker gjerne om økologiske gradientar. I verneplanarbeidet er det nytta tre slike gradientar for å klassifisere dei ulike myrtypane.


A Fattig-rik gradienten.

Det går eit hovudskilje mellom ombrotrot og minerotrot myrvegetasjon.


## NEDBØRSMYR



## FATTIGMYR




## RIKMYR



**Figur 3.2** Skjematisk skisse som viser fordelingen av noen typiske myrplanter på tue, fastmatte, mykmatte og løsbunn for henholdsvis nedbørsmyr, (ombrotrof myr), fattigmyr og rikmyr (inkl. ekstremrikmyr). Myrvannets pH for de ulike typene er tatt med.

## NEDBØRSMYR



**Figur 3.3** Oversikt over myrartenes fordeling på ombrerotrof myr.  
Gjelder Midt-Norge (Etter Moen og medarb. 1983).

Tabell 3.1

Fordeling av endel arter i myrvegetasjonen langs fattig-rik gradIENTEN (etter Moen og medarb. 1983):

Arter i ombrerotrof-ekstremrik vegetasjon:  
Soldoggarter, rome, tranebær, småbjønnskjegg.

Arter bare i minerotrof vegetasjon:  
Stjernestarr, gråstarr, frynsestarr, rundstarr,  
trädsiv, slåttestarr, flaskestarr, elvesnelle,  
duskull.

Arter bare i intermediær og rik vegetasjon:  
Blystarr, myrfiol, tvebustarr, myrsnelle, tettegras, sveltull.

Arter bare i rik og ekstremrik vegetasjon:  
Svarttopp, gulstarr, blankstarr, engmarihand,  
breiull, gullmyrklegg, myrsalauk.

Arter bare i ekstremrik vegetasjon:  
Sotstarr, hårstarr, agnorstarr, fjellmarihand,  
kastanjesiv, brudespore, gulsildre, brunskjene.

Den fattigaste vegetasjonen finn ein på nedbørsmyrar (ombrogene myrar). Slik vegetasjon får berre tilført næring gjennom nedbøren, og er ofte samansett av lav, gråmose, torvull, bjønnskjegg og fleire lyngartar. Det er relativt få artar på dei ombrogene myrane.

Plantane på jordvassmyrane (dei minerogene myrane) får tilført næring gjennom grunnvatnet, og vegetasjonen blir delt inn etter næringsstilgangen. Ein skil mellom fattig, intermediær, rik og ekstremrik minerotrof vegetasjon, men det er ikkje noko skarpt skilje dei imellom. Ulike starrartar som flaskestarr og slåttestarr dominerer ofte på jordvassmyr, men artstalet kan bli stort på dei rikaste myrane. Meir enn 100 slag karplantar kan det vekse på ei ekstremrik myr.

Når ein skal avgjere næringstilhøva på ei myr, kan ein sjå på dei einskilde planteartane. Nokre artar krev til dømes næringssiktig jordvatn for å trivast, og finn ein slike, er myra av eit rikare slag. Slik kan ein gruppere planteartane etter kor kravfulle dei er og kome fram til såkalla indikatorartar for næringstilhøva på myra. Vanlege artar på rikmyr i Møre og Romsdal er breiull, svarttopp, engstarr og myrsaulauk.

#### B Tue-lausbotn-gradienten.

Dei fleste myrtypane har ujamn, småkupert overflate med skiftande vegetasjon frå våte til tørre parti. Variasjonen i vegetasjonen heng m.a. saman med fukttilhøva, vekslinga i grunnavasstanden og etter kor fast torva er.

Tuene er dei tørraste partia og er ofte dominerte av lyng og gråmose.

Fastmattene er faste å gå på og er karakteriserte av artar som rome, småbjønnskjegg og stjernemose..

Mjukmattene toler lite slitasje før dei får varige spor. Vegetasjonen er samansett av fuktrevjande plantar, som t.d. kvitmryak, dystarr og torvmosar.

Lausbotn har liten bereevne og er ofte vegetasjonslaus. Grunnvatnet står i dagen det meste av året.

#### C Myrflate-myrkant-gradienten.

Nokre planteartar veks berre i nærleiken av fastmark på kanten av myrane (ulike treslag), medan nokre berre veks ute på åpne myrflater (starrartar og dei fleste torvmosane). Myrflate og myrkant vil derfor ha ulik floristisk samansetjing som ein må ta omsyn til ved klassifiseringa. Denne skilnaden heng m.a. saman med faktorar som torvdjup og skuggeverknad. Ved kartleggingsarbeidet er det skilt mellom open myr og myr med skog og kratt.

### 3.3 GENERELT OM KYSTMYRANE

Dei klimatiske tilhøva for myrdanning er svært gode på Vestlandet. Mykje nedbør, mange dagar med regn og relativt kjøleg sommar er gunstig for forsumpinga. Likevel er myrareala små i dei fleste fylka fordi topografiens er kupert, og det er dårlig med lausavleiringar.

I kystområda har ein fått torvavsetningar i mange terrengtypar og ofte utan skarp skilje mellom kysthei og myr. I skrånande terren og på høgdedrag har heivegetasjon gradvis gått over til myr. Myrane ved kysten har breidd seg utover landskapet ved at stadig nye areal har vorte forsumpa. Det kan vere vanskeleg å setje grenser mellom myr og hei, og ulike myrtypar glir over i kvarandre utan skarpe skilje.

På kystmyrane er det vanleg med erosjonsfuruer, og desse drenerar bort overskotet av nedbørsvatn. Erosjonsfurene har lengderetning i hellingsretninga i motsetnad til strukturane på austlege myrar som ligg regelbunden på tvers av hellingsretninga (strenger, høljer og flarkar).

Menneska sin bruk av naturen har sett meir klare spor på myrane ved kysten enn i nokon annan del av landet. Store torvmengder er skava av og bruka til brensel. Det er derfor få stader langs kysten ein framleis finn større myrområde som ikkje ber preg av dette. Sjå og avsnitt 2.3 om utnytting av myr i eldre tid.

#### **4. VERNEPLAN FOR MYR I MØRE OG ROMSDAL**

##### **4.1 REGISTRERING AV VERNEVERDIGE MYROMRÅDE**

I 1966 tok Statens naturvernråd opp tanken om ein egen landsplan for vern av myr. I samarbeid med Det norske jord- og myrselskap, Universitetet i Trondheim og IBP-CT Telma (eit internasjonalt forskningsprogram for vern av myr) blei det av Statens naturvernråd sett i gang landsomfattande myrundersøkingar i 1969.

Førsteamanuensis Asbjørn Moen ved Universitetet i Trondheim fikk i oppdrag fra Miljøverndepartementet å utarbeide ein oversikt over myrområde, mellom anna i Møre og Romsdal, som bør gå inn i den landsomfattande verneplanen for myr. Det faglege arbeidet starta i 1969 og er no presentert for Møre og Romsdal i ein fagrappport frå Universitetet i Trondheim (Moen 1984). 136 lokalitetar er registrerte, og av desse er 104 nærmere skildra. Dei er presenterte i tabell 4.1. og på kart (fig. 4.1). Dei 32 andre er viste i tabell 4.2 og på kart (fig. 4.2).

Tabel 4.1 Oversikt over vurderte myr lokaliteter i More og Romsdal. Myrtyper (kolonne 5,6,7) og vegetasjonsenheter (kolonne 8) er omtalt i kap. 1 (jfr. bl.a. fig. 2 og 3)

\* Lokalitetene er mangelfullt kjent og er derfor ufullstendig karakterisert.

Kolonne 6 og 7. AB: Høgmyr, mellomting mellom økte høgmyr og atlantisk høgmyr. AE: Eksentrisk høgmyr. AR: Kanthøgmyr. AU: Platåhøgmyr. BE: Atlantisk eksentrisk høgmyr. BU: Atlantisk eksentrisk høgmyr. CU: Annen planmyr. DH: Terrengekkende haugmyr. DT: Terrengekkende, hellende toppe myr. ES: Strengblandingmyr. EO: Øyblandingmyr. FF: Flatmyr. FB: Bakkemyr. FS: Strengmyr. GI: Kilde. Tillegg til ES og FS: 1/4: markerte/utdydelige strømmer i vekslinje med gjøl. 2/5: markerte/utdydelige strømmer i vekslinje med løsbunnen. 3/6: markerte/utdydelige strømmer i vekslinje med matte.

Tillegg til FB: b: bratt bakkemyr (>8° helling). B: smidig bratt bakkemyr (>15° helling). t/T: Tuebakkemyr dekket 40-80% av bakkemyra.

Kolonne 10. Verneverdi (jfr. kap. I). 1. Smidig verneverdig, a. internasjonalt. b. nasjonalt, typområde. c. nasjonalt, spesielt område. 3. Verneverdig i landsdelshommeteng. 3. Lokal verneverdi. 6. Lite verneverdi. 5. Uten verneverdi.

Kolonne 5; O: Ombrotrofe myrkompleks. OM: Minerotrofe myrkompleks (O dekker 50-80%). MO: Minero-ombrotrofe myrkompleks (M dekker 50-80%).

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Kartblad serie N711 skala 1:50 000	UIN-referanses		Areal ha	Ombrotrof/minerotrof	Dominerende myrtyp og typer som dekker 10 ha eller mer	Andre typer som dekker 1-10 ha 1. Parentes er tatt med spesielle typer (f.eks. kilde) som dekker mindre areal	Vegetasjonsenheter som dekker mer enn 10% (liten bokstav knapt 10%)	For eksempel (E) eller rik (R) 1. parentes er tatt med spesielle typer (f.eks. kilde) som dekker mindre areal	Verneverdi:
1. Kide. S for Gaustadvågen	1320 IV	MQ 12,84	5	15 O Cu	Bu,FF	A,C,g	r	2	
2. Kide. Svanvikmyra	1320 IV	MQ 20,74	20	60 OM Cu,FF	FDT,(G)	A,D,G,F,h	E,K,S	1b-(2)	
3. Kide. Årygane	1320 IV	MQ 12,81	110	50 OM Cu,Dt,FDT	EØ,FF,(G)	A,F,G,d,i	r,K	(1b)-2	
4. Frøha. Særsyrene	1320 IV	MQ 16,64	250	100 M FbB,FF	Cu,Dt,EØ	G,F,a,i	r	2-3	
5. Frøha. V for Frelsvatnet	1120 I	MQ 07,77	40	50 OM Bu,Cu,FF		A,G,i,f		2	
6. Frøha. Hustadmyrene. Gulvatnet	1220 I	LQ 99,76	40	100 OM Cu,FF,EØ,FDT		A,G,F,i,h	r	1b	
7. Gjemnes. Aspåsmyran	1320 I	MQ 48,72	130	150 MO FF,Fbb,Cu	EØ,FS5	G,A,H,I,k,b	r	(1b)-(3)	
8. Gjemnes. Myrer ved Littvatnet	1320 I	MQ 46,70	140	50 MO FF,Cu,FB	EØ	G,K,B,C,a	r	2	
9. Halsø. Ved Kletten	1421 III	MR 67,80	80	20 NO FF	Cu,EØ,FB	G,A,M,h,i	r	2-3	
10. Halsø. Redmyra	1421 III	MQ 62,93	30	50 OM Ae,Au	Cu,FF,EØ,FB	A,C,G,d		1b(5?)	
11. Halsø. Negardmyra	1421 III	MQ 62,93	30	40 OM Ae	Cu,EØ,FF	A,C,g,d		5(?)	
12. Håram. Fjørtoft, Søggardsmyrene	1220 III	LQ 63,55	10	50 OM Cu,FF	EØ	A,d,f,i		2-4	
13. Håram. Myrer på Haramsøy	1120 II	LQ 55,51	200	100 OM Dh,Dt,PbTB,FF		A,F,i,d,g		1a?	
14. Nesset. V for Posterlågen	1320 I	MQ 40,67	100	40 MO Cu,FF	EØ,FB	G,A,H,d,x	r	3	
15. Nesset. Ved Vettavatna	1320 I	MQ 44,64	330	100 M FbB,FF	Cu,Dh,EØ	G,I,a,k	r	(1b)-2	
16. Rindal. Fossdalen. N for Toråa	1521 III	NR 13,02	450	100 M FbB,FF,FS4	(G)	G,H,l,q	E,K	(2)-3	
17. Rindal. Ø for Lommundsjøen	1521 III	NR 21,03	230	50 MO FF	Au,FS4,Cu,FB,(G)	G,Ø,R,a,j	R	2	
18. Rindal. Myr ved Lefall	1521 III	MQ 14,96	200	5 NO FF	Cu	G,H,A,L	r	5	
19. Rindal. Myr ved Nybø	1521 III	MQ 16,97	230	15 MO FF	Ar,Cu	G,H,A,B,L	r	3	
20. Rindal. Grønkjelen - Leirpolldalen	1421 II	MQ 00,98	400	200 M FbB,Fai,5,FF	(G)	G,i,h	r	1b-(4)	
21. Rindal/Surnadal. Tågdalenområdet	1421 II	MQ 04,91	450	50 M FbB,FF	Ar,Cu,FS5,(G)	Q,V,G,h,i	E,S	1c	
22. Surnadal. Myrer i Kvennbødalen	1420 I	MQ 87,73	320	100 M FbB,FF	Cu,Ax,(G)	G,L,K	R	2	
23. Surnadal. Fagermyren	1421 II	MQ 94,92	400	10 M FbB	FF,FS4,5	Q,L,RS*	e,R,s	2	
24. Surnadal. Høgmyran	1421 II	MQ 96,90	400	50 M FbB,FF	Ar,(G)	G,H,Q,f	e,R	2	
25. Surnadal. V for Solåsvatnet	1421 II	MQ 93,91	350	10 M FbB	FF,FS5,(G)	Q,R,S,V*	E,S	4	
26. Surnadal. Kvennbøen S for Søya	1420 IV	MQ 83,76	50	20 NO FF	Cu	G,H,f,k,a,b	r	2-3	
27. Surnadal. N for Kvennbøen	1420 IV	MQ 84,87	50	10 MO FF	Cu,æsl,FS1	G,H,A,b,i		4-5	
28. Surnadal. Søya, Ø for Søysæt	1420 IV	MQ 77,73	20	5 M FF	(FB)	G,h,m	s	(2)-3	
29. Surnadal. Søya, myr ved Gjerstad	1420 IV	MQ 80,75	60	10 OM Ae	FF,Ae	A,B,C,g,d		2	
30. Surnadal. Haugmyra	1420 IV	MQ 81,75	60	15 M FF		G,H,M,l,k		3(-4)	
31. Surnadal. Kvennbøstala og Fjellenden	1420 I	MQ 86,73	550	100 M FF,FB	Dh	G,F,i	(r)	2-3	
32. Surnadal. Myrer i Romsdalen	1420 I	MQ 93,65	500	100 M FbB,FF	Cu,Dt	G,f,k	(r)	2	
33. Surnadal. Myr N for Austeråsen	1420 IIV	MQ 85,79	150	25 NO FbB,Cu	Es2,FB	G,H,A,B		5	
34. Surnadal. Ved Langvatnet på Nordmarka	1421 III	MQ 85,87	280	1 M FbB	(G)	Q,G,v,a	E	4	
35. Tingvoll. V for Bergemsvatnet	1320 I	MQ 57,79	100	12 OM Cu	FF	A,G,K,d,b		4	
36. Tingvoll. N for Bergemsvatnet	1320 I	MQ 58,80	100	20 MO FF	Cu,ES,FB	G,A,K,b,j	(r)	2-3	
37. Tingvoll. Bokkåsvatnet	1320 I	MQ 60,70	120	4 NO FF	Cu,(FB)	G,A,M,k		5	
38. Ørskog. Fremsteelva	1219 I	LQ 97,26	370	50 M Fbb,FF	Cu,EØ	G,f,k,j		2-1	
39. Ørskog. Myrer V for Hysetervatnet	1220 II	LQ 89,35	200	10 M FbB	FF,DT	G,F,n,k		4	
40. Ørskog/Vestnes. Ørskogfjellet	1220 II	LQ 96,33	450	500 M FDB,FF,DT,ES	Dh	G,F,s,i,n	(r)	1b	
41. Ørskog. Vagsvikelva	1219 I	LQ 95,26	280	50 M FDB,FF	Es,Ar,Cu,FS1	G,x,o	r	2	
42. Sula. Myrer på Sula	1119 I	LQ 51,24	560	100 MO FF,Es,FbTB	Dt,(G)	F,I,A,...,h		2	
43. Håram. Myrer på Skuley	1220 III	LQ 60,52	230	100 OM Dt,Dh,PbTB,FF	Cu,Es,(G)	A,F,G,d,i		1b-1	
44. Herøy. Runde	1119 IV	LQ 24,23	180	40 OM Dt,FbTB	FF,Dh	A,F,G,i		2	
45. Rindal. S for Skåkleiva	1421 II	MQ 06,93	425	25 M FbB,FF	Ar,FS5,(G)	G,Q,L,r,d	E	3	
46. Surnadal. Langdalen	1421 II	MQ 98,89	400	30 M FbB	FF(G)	G,Q,f,i	R	(2)-1	
47. Frøha. Hustadmyrene, Stavik	1220 I	LQ 98,74	40	100 OM Cu,EØ,FF	Bu,FDT	A,G,F,i,l,i	R	1b	

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Kartblad serie M711 nøkkelstokt 1:150 000	UTM-referanse	Hegde o.h.	Areal ha	Gjørerotros/skinerotros	Dominerende øyrtypene og typer som dekker 10 ha eller mer	Andre typer som dekker 1-10 ha i parentes er tatt med spesielle typer (f.eks. kildes) som dekker mindre areal	Vegetasjonsbetrer som dekker mer enn 10a (likten bokstav Knapt 10a)	For eksemplarisk (E) eller rik (R) vekstform, sjeldent art (S). Sam bokstaver betyr liten/avskrake for eksempel	Vernsverdi
48. Frama. Framaedet	1320 V	MQ 11,72	90	40	MO Pbb, Ff	Cu, Es, Ps5	G,A,h,l	E,S	1b-2
49. Gjemnes. Stangvatnet	1320 IV	MQ 29,67	250	30	M Pbb	Ff, Ps5, Ar, Es	G,L,h,a	R	2
50. Smøla. Rekmyrane i Ø	1321 I	MR 48,26	20	250	O Hu, Be, Ff		A,C,g		1b-2
51. Smøla. Rekmyrane i V	1321 I	MR 46,26	20	150	O Bu, Be, Ff	Es	A,c,d,g		2
52. Smøla. Toppmyrane	1321 I	MR 50,29	20	400	O Bu, Be, Ff	Fs6	A,c,g,b		1a
53. Smøla. N for Svartvatnet	1321 I.	MR 52,28	20	90	OM Bu, Ff	Be, Ps6	A,G,c,h	R	2
54. Smøla. N for Sandvatnet	1321 I	MR 50,23	70	60	OM Cu, Bu, Es	Ff	A,G,I,c,d	x	3(-4)
55. Smøla. Hopesingmyra	1321 I	MR 50,32	20	100	O Bu, Be, Ff		A,c,g		2
56. Smøla. Ø for Littvatnet	1321 I	MR 50,35	20	120	OM Bu, Cu, Ff	Be, Es	A,G,c,d,h		2
57. Smøla. N for Langåsen	1321 I	MR 48,34	20	10	O Bu	Ff	A,g,d,h		3
58. Smøla. Skjelberg	1321 I	MR 51,24	20	1	M Pe		V	E,S	(1c)-2
59. Frei. Sødalen	1321 II	MR 39,94	70	5	O AB	Cu, (Es)	A,D,h	x	4
60. Frei. Ø for Fiske	1321 II	MQ 38,89	50	8	O AB		A,d,c		3
61. Frei. SØ for Freiåsen	1321 II	MQ 38,90	60	6	O AB		A,d		2-3
62. Averøy. SV for Bossetvatnet	1321 III	MQ 24,88	30	30	O Cu, AB	Es, Ff	A,c,d,l	x	(1b)-2
63. Averøy. Drepasjernet	1321 III	MQ 23,90	20	12	O Cu	Es, Ff	A,D,h		3-4
64. Averøy. V for Sørlia	1320 IV	MQ 20,86	20	25	OM Cu	Cu, Es, Ff	A,D,G,c,l	x,s	(1b)-2
65. Halsa. V for Glæmlia	1421 III	MQ 66,98	90	30	OM Cu	Ff, Fb	A,B,C,G,d		2-3
66. Halsa. NW for Gjerstad	1421 III	MQ 63,98	20	8	O Cu	Fb	B,A,c,g		1b-2
67. Halsa. SV for Storheen	1421 III	MQ 69,99	120	7	OM Cu	Ff	A,g,d		4
68. Halsa. S for Rennhaugen	1421 III	MQ 79,02	160	80	OM Cu, Pbb, Ff	Es	A,G,d		(1b)-2
69. Aure. Ø for Blåfjellet	1421 II	MR 88,01	380	25	M Pbb	Ff	G,E,k,l	x	3
70. Aure. Baklidåmyrane m.m.	1421 IV	MR 84,30	60	45	O Cu	Ff	A,B,c,d,h,g		1b-2
71. Aure. Ø for Gjelasstra	1421 I	MR 88,21	120	15	ON Cu	Es, Ff	C,B,A,G		(1b)-2
72. Aure. Skarddalen	1421 IV	MR 80,25	100	21	ON Cu	AB, Ff	A,D,C,G,h		(1b)-2
73. Aure. V for Olsvik	1421 III	MR 68,12	40	11	ON Cu	Ff	A,D,c,g,m	x	2-3
74. Tustna. NV for Røsvatnet	1321 II	MR 50,06	60	25	OM Cu	Ff	A,B,G,c,d		2
75. Tustna. V for Oshaugen	1321 II	MR 48,07	20	6	MO Pe	Ar	A,H,G,b	x	2(-3)
76. Tustna. Storelva	1321 II	MR 54,09	40	50	OM Cu	Ff, Fbt	A,G,z,d		2
77. Halsa. NW for Monsvik	1321 II	MQ 59,97	100	18	ON Cu	Ff	A,G,d		5
78. Rauma. NW for Isterdalssetra	1320 III	MQ 31,31	30	10	O Au	Ff	A,N,G,b		(1b)-2
79. Rauma. N for Bøsetra	1319 IV	MQ 31,30	30	12	NO Es4	Ff, Cu	G,H,B,A,c		2(-5)
80. Rauma. Stormyra	1320 III	MQ 31,32	30	5	M Ff	Ff, G	G,H,f		5
81. Norddal. Høghjelle	1319 IV	MQ 24,13	350	12	M Pbb	G,L,K,h			2-3
82. Norddal. Grønningen	1319 IV	MQ 23,12	350	12	MO Ff	Ar, Fb	G,H,B,K,a		2
83. Ørekog. Seljebotn	1319 IV	MQ 08,16	420	60	M Pbb, Ff	Ar, Es, (G)	G,a,k		2
84. Ørekog. Ø for Storelva	1319 IV	MQ 07,18	360	50	M Pbb	Ff, Ar, Cu, (G)	G,a,k		(1b)-2
85. Stranda. Gråsteinmyra	1219 II	LP 81,79	400	50	M Pbb, Ff	Ar, Es	G,B,4		2
86. Stranda. S for Trondstad	1219 II	LP 84,81	320	13	MO Ff	Ar, Es	G,R,A,b		3-4
87. Stranda. NV for Overvollen	1219 II	LP 91,99	330	5	OM Cu	Ff	A,G,b		4
88. Sykkylven. Valle	1219 IV	LQ 78,09	50	10	O Au	Ff	A,B,C,D,g,i		1b-2
89. Sykkylven. Svarbekken	1219 IV	LQ 68,19	140	12	ON Cu	Ff, AB, Es, Fbt	A,G,D,K	x	1b-2
90. Sykkylven. Sunndalssetra	1219 IV	LQ 80,16	330	10	HO Ff	Cu, Fbt, Es	A,F,G,k		1b-2
91. Sykkylven. Heiane	1219 IV	LQ 77,18	340	100	HO Fbt, Cu, Ff, Es	Dt, Ar	A,F,G,i,k,(m)	x	5
92. Vestnes. V for Svertelva	1220 II	LQ 89,42	60	40	OM Cu	Ff, Fbt, Ar	A,B,G,f,k,d		(1b)-2
93. Vestnes. Bjupmyra	1220 II	LQ 97,45	45	15	OM AB	Cu, Ff, Fbt	A,G,F,c		2
94. Molde. Røg	1220 III	MQ 23,57	30	50	OM Cu, Ff	Es, Fb, Ps5	A,G,B,h,i		1b-2
95. Nesset. Bersåmyra	1220 I	MQ 54,64	140	50	MO Ff, Cu	Es, Fb, Ar	G,A,h,k,b	x	2
96. Tingvoll. Stormyrane	1321 II	MQ 54,90	30	40	MO Ff, Cu	Es, Fb	G,A,B,c,k,d		1b-2
97. Tingvoll. Myrvang	1321 II	MQ 49,92	80	15	OM Cu	Ff	A,B,C,e,j		2
98. Tingvoll. Aspeya	1321 II	MQ 48,87	20	10	O Ae	Ff	A,B,C,d,g,j		1b-2
99. Surnadel. V for Strengoen	1420 IV	MQ 75,77	440	100	M Pbb, Ff	Ar, Dh, Dt, (G)	G,Q,V,i,t,(a)	E,S	1b
100. Rindal. V for Bokksvatnet	1421 II	HQ 07,87	370	50	M Pbb, Ff	Ar, Dh, Ps5, (G)	G,Q,L,h,t,(a)	e,R	2
101. Hinddal. Slettholtet	1520 IV	HQ 22,84	470	150	MO Pbb, Ff, Cu	Dh, Es, Ps4	G,A,B,h,i,j,1	P	1b
102. Halsa. Brakset	1421 III	MQ 74,98	300	18	MO Pbb	Es, Ff, Cu, Dt, (G)	G,A	x	2(-3)
103. Halsa. N for Jørfjord	1421 III	MQ 65,97	15	8	MO Ff	Cu	G,H,A	x	(2-3)
104. Sunndal. Grøvdalen	1419 I	MQ 95,24	840	20	M Ff	Fh, (G)	V*	E,S	1,-1


**Tabell 4.2** Oversikt over en del lokaliteter i Møre og Romsdal som ikke er oppsøkt ved inventeringsarbeidet for myrreservatplanen, men der viktige myrtyper er oppgitt. Vurderingene er gjort på flybilder. Noen av lokalitetene er også beskrevet i andre inventeringsrapporter (jfr. referanser), noen er vurdert ved selvsyn fra bilveg. Figur 9 viser lokalitetene.

Anmerkninger:


+ Lokaliteten er vurdert på flybilder. Lokaliteten kan være aktuell i myrreservatsammenheng. (+): mindre aktuell. 1). Beskrevet av Hagen & Holten (1976). 2). Beskrevet av Holten (1982). 3). Se beskrivelse under lokalitet 1. 4). Beskrevet av Aune & Holten (1980). 5). Ikke aktuell som eget verneområde for myr. Inngår i planene for vern av Trollheimen. 6). Lokaliteten er vurdert fra bilveg. Lokaliteten har ikke høg verneverdi.

Nr.	Kbl. M711	UTM	H o.h. i m	Areal ha	Myrtyper over 10 ha		Anm.
					1-10 ha		
201. Herøy. Krikane, Hansmyrane m.fl.	1119 IV	LQ 2709	450	50	Ff,FbT		
202. Hareid. V for Grimstadvatnet	1119 I	LQ 4418	20	30	Ff,Bu/Cu		(+)
203. Ørsta. Hovdenak. S. for Åmsnipa	1219 III	LQ 5696	400	200	Fb,D(?)		
204. Ørsta. Myr ved Åm	1119 II	LQ 54,96	50	15			+
205. Nordal. Eidsdal. Storåemyrane	1219 II	MQ 0602	510	50	Fb,Ff		+
206. Rauma. Herjemyrane, Slemmemyrane	1320 III	MQ 2848	400	500	Fbb,Ff,D		+
207. Rauma. Mittedalen	1320 II	MQ 3850	500	300	Fbb,Ff		+
208. Rauma. Langdalen	1320 II	MQ 42,52	500	1000	Fbb,Ff,D,EØ		+
209. Rauma/Vestnes. V for Skåla	1220.II	MQ 0839	400	500	Fbb,Ff,EØ,D		+
210. Rauma. Ulvådalen. Furuholen	1319 I	MQ 4806	800	100	Fb,Ff		+
211. Rauma. Vermedalen	1319 I	MQ 4714	800	400	Fbb,Ff		1
212. Nesset. Ø for Meisalvatnet	1320 I	MQ 5860	600	600	Fbb,Ff		+
213. Molde. SV for Oltervatnet	1320 I	MQ 3769	360	200	Fbb,Ff,Cu,EØ	D	2
214. Molde. SV for Istad	1320 I	MQ 3564	50	50	Ff,Cu	Au(?)	+
215. Fræna. NV for Raudtuva	1220 I	MQ 0479	250	15	D	FbT,Ff	(+)
216. Gjemnes. Ved Flemselva	1320 I	MQ 5075	100	20	Ff	Cu/Au	+
217. Gjemnes. Ved Flemsætervatnet	1320 I	MQ 4977	240	150	Fbb,Ff	D,EØ,Fs	+
218. Eide. Sandblåstvågen	1320 IV	MQ 1285	20	20		Bu,Cu,Ff	+
219. Sunndal. Grøddalen	1420 II	MQ 9039	600	30	Ff,Fb	(G)	4
220. Sunndal. Ulvåa, Nerdal	1420 III	MQ 8357	220	25	Ff	Cu,Es	+
221. Sunndal. S for Ålvund	1420 IV	MQ 7465	150	100	Ff,Cu,D,Fb		+
222. Sunndal/Tingvoll. Myreidet	1420 IV	MQ 6968	200	100	Fb,D/Cu,F		+
223. Tingvoll/Sunndal. Åsprongvatnet	1420 IV	MQ 6871	350	150	Fbb,Ff,Cu,D		+
224. Halsa. Ved Hjelmåa	1421 III	MQ 7594	300	200	Fbb,Ff,D/Cu		+
225. Surnadal. Ørsalmyrane	1420 IV	MQ 8461	600	200	Fb,FF,Fs,EØ		+
226. Surnadal. Vinddøldalen	1420 I	MQ 00,77	350	200	Fbb,Ff	Fs	5
227. Surnadal. Folldalen i S	1420 I	MQ 1065	550	500	Fbb,Ff,Fs		5
228. Rindal. Kysingvatnet	1521 III	MQ 1989	400	100	Fb,FF,Cu	Ar,Fs	(+)
229. Stranda/Ørskog. Røysetdalen	1219 I	MQ 0012	300	20	Fbb	Ff,Ar	6
230. Stranda. Nibbedalen i V	1219 II	LP 84,85	280	30	Fbb	Ff,Cu,EØ	6
231. Stranda. Hevdalen	1219 I	LQ 8708	460	20	Fbb	Ff,Cu	6
232. Sykkylven. Velledalen. Lade	1219 I	LQ 82,11	180	10		Fbb,Ff,Cu	6

- 15 -

**Figur 4.1**

Kart over oppsøkte myrlokali-  
teter i Møre og Romsdal.

**figur 4.2**

Kommunekart for Møre og Romsdal, og oversikt over lokaliteter  
som er karakterisert til myrtypen ved flyhildestudier (jfr. tab. 5).

#### **4.2 VURDERING AV VERNEVERDI - PRIORITERING**

Tidlegare (kap. 2.2) er dei generelle verdiene av myr i naturtilstanden omtala. Her følgjer eit oversyn over dei kriteria som er nytta i verneplanarbeidet. Det er skilt mellom naturverdiar (verdiar i naturen sjølv), brukarinteresser (verdiar for naturvitenskapen) og vurdering av tilstand og kor sårbarer dei er.

##### **NATURVERDIER**

1 Historisk dokument. Lokaliteten kan gi opplysingar om tilhøva i tidlegare tider. I vegetasjonshistoriske studiar gjer torvlaget nytte som historiske dokument, jf. kap 2.2.

2 Prosessar i notid.

Gjenveksing av tjern, gjenveksing av slåttemyr/beitemyr og torverosjon er døme på slike prosessar som går føre seg på myr. Denne utviklinga set spor etter seg i strukturar og planteliv.

3 Produksjon.

I vanlege myrøkosystem er produksjonen større enn nedbrytinga, og slik blir det avsett torv. Dyreartane er avhengige av planteproduksjonen, og høgproduktive areal er viktige.

4 Sjeldsyn.

Verneverdien er vurdert utifra sjeldsyn når det gjeld myrtypen, strukturar, vegetasjon og flora. Ein må da skilje mellom det som er sjeldan i landssamanhang, og det som er sjeldan i meir lokal samanheng. Vern av sjeldne einskildartar er det ikkje teke omsyn til her, men er der fleire sjeldne eller plantogeografisk interessante artar, vil det auke verneverdien.

5 Typisk område.

Lokalitet som omfattar myrtypar, vegetasjon og/eller flora som er typisk (representativ) for eit område. Det er viktig å sikre eksempel på dei typiske myrområda for regionen, og da med fine, velutvikla soneringar i myrvegetasjonen og mellom myrvegetasjonen og andre naturtypar.

6 Klarleik og storleik.

Lokaliteten har utformingar av myrtypar, samanhengar eller prosessar som trer særskilt fram. Storleik har verdi da mangfaldet ofte aukar i store lokalitetar.

7 Mangfald.

Førekjem det mange ulike myr- og vegetasjonstypar innan ein lokalitet, har lokaliteten høgt mangfald. Dette aukar verneverdien.

8 Del av ein større samanheng.

Ein myrlokalitet kan inngå som ein del av eit større landskap med fleire verneinteresser. Døme fra Møre og Romsdal kan vere Trollheimen og Runde. I arbeidet med vern av norsk natur er det viktig å kombinere mange verneinteresser i eitt område. Men ei slik vurdering er det ikkje teke omsyn til ved fastsetjing av verneverdi for myrområda i denne verneplanen.

## NATURVITSKAPELEGE VERDIAR

### 9 Klassisk område.

Eit område som det ligg føre gamle undersøkingar på, og der desse kan gi grunnlag for interessante studiar av endringar i naturen. Slike myrlokalitetar har vi ikkje i Møre og Romsdal.

### 10 Nøkkelområde.

Ein lokalitet som kan utgjere eit nøkkelområde for tolking og dokumentasjon av naturvitskapelege interesser.

### 11 Forskningsverdi.

Verdien for forsking er vanlegvis også knytta til andre kriterier, og er ikkje gjeve vekt som eige kriterium i arbeidet med myrreservatplanen.

### 12 Pedagogisk verdi.

Myrane har verdi som studie- og undervisingsobjekt på dei fleste skoletrinn.

### 13 Referanseverdi.

Verdien av å sikre eit område så urørt som råd for å kunne studere påverka natursystem og prosessar. Det er og viktig for å kunne samanlikne med område som er påverka av naturinngrep. Ombrøtrofe myrområde har spesielt stor referanseverdi, da dei representerar den einaste naturtypen som berre får næring gjennom nedbøren. Slik er dei spesielt velegna til å "måle" endringar i nedfall gjennom nedbøren.

## VURDERING AV TILSTAND OG KOR SARBART OMRADET ER

### 14 Tilstand.

Det at ei myr er fri for inngrep. Slike myrområde er etter kvart blitt sjeldne, og kriteriet er gjeve stor vekt. Vern av kulturmåterverka myrområde står og sentralt i verneplanarbeidet. Det gjeld i særleg grad gamle slåttemyrar og myr/hei-område som gjennom lang tid har vore brende og beita.

### 15 Kor sårbart området er.

Eit samansett kriterium. Ein søker å unngå freding av lokalitetar som ligg spesielt utsett til, jf. neste punkt. Men det finst plantesamfunn og artar som generelt er lett sårbar ved små inngrep eller endring av kulturmåterverknad. Desse må derfor vernast og skjøttast.

### 16 Eigna til vern.

Nokre myrar kan ligge spesielt utsett til, (sårbar, t.d. ved eit større bustadområde), medan tilsvarande myrar andre stader kan ligge i meir trygge omgjevnader. I verneplanarbeidet har ein prøvd å finne fram til lokalitetar som er lite utsette for inngrep, som det er lett å avgrense og der det ikkje er tilsig av forureina vatn o.l.

## SAMLA VERNEVURDERING

Dei opplista kriteria (1-16) utgjer eit hjelpemiddel i vernevurderinga. Arbeidet med myrreservatplanen har vore ein kontinuerlig prosess for å finne fram til dei "beste" lokalitetane. I dette arbeidet er det lagt størst vekt på kriteria for naturverdi, og spesielt sjeldsyn, typisk område, klarleik og mangfald. Kriteria for naturvitkapeleg verdi må sjåast i samanheng med desse. Vurderinga av tilstand er avgjerande for verneverdien.

Utifra desse kriteria er alle lokalitetane klassifisert i vernegrupper:

### 1a: Særleg verneverdig internasjonalt (Telma-myrr)

Prosjekt Telma var eit internasjonalt prosjekt for å få sikra eit fåtal store, velutvikla og urørte myrkompleks. I Norge er det gjort framlegg om freding av 17 Telma-myrar. I Møre og Romsdal registrerte Moen to lokalitetar med internasjonal verneverdi. Den eine, myrane på Haramsøy, er no øydelagd av oppdyrkning, den andre er Toppmyrane på Smøla.

### 1b: Særleg verneverdig nasjonalt, typeområde

Store, urørte myrar med ei hydrotopografisk og vegetasjonsmessig samansetjing som er representativ for dei ulike regionane i landet. Slike er det fleire av i fylket.

### 1c: Særleg verneverdig nasjonalt, spesialområde

I denne gruppa finn ein både store og små myrar med spesielt interessant flora eller særeigne hydrotopografiske tilhøve og/eller vegetasjonsmessige tilhøve. I Møre og Romsdal fins tre slike: Tågdalsområdet i Surnadal, Skjølberg på Smøla og Grøvudalen i Sunndal.

### 2: Verneverdige myrar i landsdelssamanhang

I denne gruppa finn ein dei fleste myrane i verneplanframlegget. Dei representerer eit vidt spekter med omsyn til representativitet og sjeldsyn innan ein landsdel. Nokre av desse kan ved nærmere undersøkingar få verneverdi 1.

### 3: Verneverdige myrar av lokal interesse

Her finn ein verneverdige myrar av lokal interesse som ikkje blir tekne med i landsplanen for vern etter naturvernlova. Desse lokalitetane bør likevel takast omsyn til i den kommunale arealplanlegginga, da dei lokalt kan vere særskilt viktige både økologisk og landskapsestetisk. Nokre av desse kan ved nærmere vitskapelege undersøkingar og vise seg å ha høgare verneverdi.

### 4: Mindre verneverdige myrar

### 5: Myrar utan verneverdi

Desse to gruppene utgjer i hovudsak myrområde som har hatt høg verneverdi, men som i dag er øydelagde av menneskeinngrep.

Som alt nemnt, er kriteria for å gjere eit utval av verneverdige myrområde klart avgrensa. Dersom ein i tillegg hadde tatt omsyn til

t.d. dyre- og fugleliv, geologi og landskapsmessige verdiar, ville mange av lokalitetane med verneverdi 2 og 3 blitt vurdert høgare. Det må og understrekast at sjøl om desse registreringane er omfattande, kan det kome til nye opplysingar slik at det i framtida blir aktuelt å foresla nye myrområde freda etter naturvernlova.

Tabell 4.3 Gruppering av myrområde etter verneverdigruppe.

<u>Verneverdigruppe</u>	<u>Talet på område</u>
1. Særer verneverdige	
1a Internasjonalt	1
1b Nasjonalt typeområde	19
1c Nasjonalt spesialområde	3
2 Regionalt	49
3 Lokalt	19
4 og 5 Liten verneverdi	15
<hr/> Sum	106
<hr/> =====	

#### **4.3 ARBEIDET MED UTKASTET TIL VERNEPLAN FOR MYR I MØRE OG ROMSDAL**

Arbeidet med eit utkast til verneplan for myrområde i Møre og Romsdal starta sommaren 1984. Da blei 46 lokalitetar (tab. 4.4) plukka ut for vidare handsaming på grunnlag av undersøkingane til Universitetet i Trondheim (Moen 1984). (Viktig er det her å merke seg at alle lokalitetane på Smøla er tekne ut av verneplanarbeidet. Naturverninteressene på Smøla er så mangfaldige og store at verneområda, både m.o.t. myr og andre naturtypar, enno ikkje er avklara.) Disse lokalitetane blei alle oppsøkte og ei førebels avgrensing vart gått opp i marka og innteikna på kart. Ved desse undersøkingane viste det seg at nokre av desse myrane var teknar i bruk til dyrkings- eller andre føremål, og var såleis ikkje aktuelle til freding. Mellom desse var myrane på Haramsøya som var ein av to lokalitetar i Møre og Romsdal med internasjonal verneverdi. (Den andre er Toppmyrane på Smøla).

Etter feltregistreringane sat ein att med 39 aktuelle myrområde. To lokalitetar i Fræna kommune vart slått saman til ein (Gulemyrane og Stavikmyrane). Ei liste over dei 38 aktuelle lokalitetane vart saman med fagrapporten fra Universitetet i Trondheim (Moen 1984) sendt til landbrukskontora i dei berørte kommunane til orientering, og med førespurnad om dei kjende til konkrete arealdisponeringsplanar for lokalitetane. Kontakten med landbruksstyresmaktene og vurderingar i samråd med Universitetet i Trondheim førte til at 8 lokalitetar til fall ut av verneplanarbeidet. To av desse vart utsett for øydeleggande inngrep, medan dei andre hadde relativt låg verneverdi eller at der var alternative lokalitetar, samtidig som det låg føre konkrete planer om anna utnytting fra grunneigarane si side.

I løpet av sommaren 1985 vart det arrangert ein orienteringsrunde for grunneigarar og lokale styresmakter. Ein del nye opplysingar kom fram, og i regi av Universitetet i Trondheim vart det derfor gjort etter-registreringar på 7 nye og 11 tidlegare oppsøkte lokalitetar. Av dei 7 nye lokalitetane vart ein, Amsmyra i Ørsta kommune, vurdert så verdfull at han er foreslått freda i verneplanen. Bakgrunnen for å oppsøkje 11 lokalitetar på ny var dels for å vurdere gjennomførte eller planlagde inngrep, dels for å avklare interessekonflikter med grunneigarar.

Etter orienteringsrunden vart nok ein lokalitet, Hauafossen ved Søya, teken ut av verneplanen. Slik sit ein att med totalt 30 lokalitetar som er foreslått verna som myrreservat. Dei aller fleste av desse har fått endra avgrensing etter dei opplysingane som kom fram etter kontakten med grunneigarar og lokale styresmakter.

Tabell 4.4 Oversikt over myrområde som blei vurdert som aktuelle til freding i samband med verneplanarbeidet, sjå og tab. 4.1.

<u>Lokalitet</u>	<u>Kommune</u>	<u>Verneverdi</u>
1 Knarrashaugmyra	Eide	2
2 Svanvikmyra	Eide	1b-(2)
3 Arøyane	Eide	(1b)-2
6 Gulemyrane	Fræna	1b
7 Aspåsmyran	Gjemnes	2-(3)
8 Litlvatnet	Gjemnes	2
10 Rødmyra	Halsa	1b
12 Søgardsmyrane	Haram	2
13 Haramsøy	Haram	1a?
15 Vettavatna	Nesset	(1b)-2
17 Lomundsjømyra	Rindal	2
20 Grønkjølen	Rindal/Surnadal	1b-(2)
21 Tågdalen	Surnadal	1c
24 Høgmyran	Surnadal	2
29 Hauafossen	Surnadal	2
40 Ørskogfjellet	Ørskog/Vestnes	1b
43 Skuløy	Haram	1b-2
44 Runde	Herøy	2
47 Stavikmyrane	Fræna	1b
48 Fræneidet	Fræna	1b-2
49 Stangarvatnet	Gjemnes	2
62 Hosetvatnet	Averøy	(1b)-2
64 Lauvåsen	Averøy	(1b)-2
65 Glåmslia	Halsa	2-3
68 Reinhaugen	Halsa	(1b)-2
70 Bakliåsmyrane	Aure	1b-2
71 Gjelasætra	Aure	(1b)-2
72 Skarsdalen	Aure	(1b)-2
76 Storelva	Tustna	2
78 Isterdalssætra	Rauma	(1b)-2
83 Seljebotn	Stordal	2
84 Seljebotsmyra	Stordal	(1b)-2
85 Gråsteinmyra	Stranda	2
88 Gåsmyra	Sykylven	1b-2
89 Storeidet	Sykylven	1b-2
91 Heiane	Sykylven	1b
92 Svartelva	Vestnes	(1b)-2
93 Djupmyra	Vestnes	2
94 Røa	Molde	1b-2
95 Bersåsmyra	Nesset	2
96 Stormyrane	Tingvoll	1b-2
97 Myrvang	Tingvoll	2
98 Einsetmyra	Tingvoll	1b-2
99 Prestgardselva	Surnadal	1b
101 Storslettkjølen	Rindal	1b
204 Amsmyra	Ørsta	1b
215 Raudtuva	Fræna	(2)-3

Tabell 4.5 Arealoversikt for kommunane i Møre og Romsdal.  
dekar

Kommune	Total areal	Areal i myr plana	Vern fremma tidl. **	Jordbr areal i drift	Areal skikka til dyrking		Anna prod skog
					skog	anna	
Møre og Romsdal	15 104 100	49 990*	2675 000	569 114	84 373	323 476	2340 400
Vanylven	339 700	-	70	21 423	65	7 217	46 700
Sande	135 500	-	360	10 291	12	3 053	3 000
Herøy	121 000	845	2 147	9 513	75	3 340	5 100
Ulstein	96 700	-	902	6 860	396	3 408	10 100
Hareid	82 100	-	2 014	4 819	613	4 597	12 200
Alesund	98 200	-	653	5 785	147	1 440	11 100
Volda	547 600	-	-	19 930	2 014	9 632	76 800
Ørsta	803 100	285	-	34 842	1 245	17 084	86 700
Ørskog	130 300	5 555	892	6 036	1 118	4 283	28 600
Norddal	941 400	-	547 000	11 840	169	5 458	56 700
Stranda	867 400	-	278 000	15 649	2 612	6 024	81 400
Stordal	249 400	690	-	4 024	1 576	2 371	24 200
Sykkylven	337 500	2 785	-	15 911	1 322	7 461	47 000
Skodje	120 100	-	-	6 027	1 402	2 249	54 100
Sula	58 800	-	518	3 682	17	954	11 500
Giske	39 800	-	1 275	11 224	88	3 953	3 700
Haram	256 600	1 865	1 083	20 141	1 708	11 355	48 000
Vestnes	354 100	3 895	129	17 835	4 740	10 422	77 500
Rauma	1 500 500	-	471 000	33 079	4 478	9 704	182 000
Nesset	1 048 600	2 940	-	19 610	3 992	6 669	154 600
Molde	362 000	1 520	200	15 439	9 308	8 901	134 800
Midsund	94 300	-	18	6 236	74	5 292	4 000
Sandøy	19 600	-	688	3 346	-	3 793	-
Aukra	58 500	-	839	7 343	227	14 201	2 000
Fræna	367 500	9 750	2 983	53 432	10 831	54 284	62 000
Eide	152 500	1 210	1 231	15 865	4 025	17 067	22 800
Averøy	174 400	905	678	18 529	569	10 586	26 600
Kristiansund	22 300	-	55	720	-	50	800
Frei	65 100	-	-	3 415	365	897	24 300
Gjemnes	382 500	335	3 465	21 660	4 909	9 827	125 900
Tingvoll	337 400	640	506	16 946	782	7 203	133 500
Sunndal	1 711 900	-	724 000	22 876	4 862	5 012	159 100
Surnadal	1 364 100	8 150	483 000	32 502	4 930	12 789	233 300
Rindal	642 100	5 560	151 000	24 220	9 500	9 338	122 000
Aure	503 200	1 055	445	14 274	2 716	13 493	125 400
Halsa	303 900	785	-	14 724	2 530	7 875	107 300
Tustna	139 600	1 125	-	5 975	907	3 845	33 800
Smøla	274 800	***	***	13 092	49	18 349	1 800

\* Totalarealet omfattar og 95 daa i Meldal kommune, Sør-Trøndelag.

\*\* Omfattar verna område og område som er foreslått verna og med forslag oversendt til Miljøverndepartementet for slutthandsaming, m.a. Verneplan for våtmark og forslag til Statens Naturvernråd si nasjonalparkutgreiing.

\*\*\* På Smøla finst så store verneinteresser, både med omsyn til myr og anna, at avgrensning av verneområda enno ikkje er avklara.

Tabell 4.6 Høgdefordeling av totalareal og foreslått verna myrareal.

dekar

Kommune	Høgdefordeling totalt				Høgdefordeling myrverneforslag			
	0-60 moh.	60-150 moh.	150-300 moh.	300-600 moh.	0-60 moh.	60-150 moh.	150-300 moh.	300-600 moh.
Heile fylket	1869500	1372200	1677400	3584700	15075	3645	2380	28795
Vanylven	30400	33400	52200	151600	-	-	-	-
Sande	28600	24800	39000	42800	-	-	-	-
Herøy	39100	26400	25300	29700	-	175	670	-
Ulstein	21900	14400	24600	34900	-	-	-	-
Hareid	22700	14300	15400	29300	-	-	-	-
Alesund	48900	19000	16200	14100	-	-	-	-
Volda	39200	46000	65900	171300	-	-	-	-
Ørsta	35700	72400	86800	219900	285	-	-	-
Ørskog	6600	13600	30000	56200	-	-	-	5555
Norddal	9600	17800	27700	106700	-	-	-	-
Stranda	10000	22800	47600	173800	-	-	-	-
Stordal	5600	7800	12200	74700	-	-	-	690
Sykylven	21500	34500	42100	115100	95	465	275	1950
Skodje	35800	35400	26500	20300	-	-	-	-
Sula	19100	9800	8300	17600	-	-	-	-
Giske	30900	3800	3400	1700	-	-	-	-
Haram	73200	43400	55800	65100	705	-	500	660
Vestnes	45200	47900	53000	119000	-	390	-	3505
Rauma	64100	89500	87500	224300	-	-	-	-
Nesset	61900	63000	72000	178700	-	-	1106	1834
Molde	69700	69300	113600	90700	1520	-	-	-
Midsund	35200	10700	16400	29400	-	-	-	-
Sandøy	18900	800	-	-	-	-	-	-
Aukra	52100	2100	2500	1800	-	-	-	-
Fræna	173500	56100	54700	67600	8100	1265	385	-
Eide	49600	30100	24500	39700	1210	-	-	-
Averøy	101700	25500	27700	18600	905	-	-	-
Kristiansund	19100	3000	300	-	-	-	-	-
Frei	24300	23400	12900	4500	-	-	-	-
Gjemnes	28900	75300	95000	126500	-	-	200	135
Tingvoll	60500	91700	82400	92000	640	-	-	-
Sunnadal	32500	56700	75900	158000	-	-	-	-
Surnadal	69500	77600	132900	494600	-	-	-	8150
Rindal	1100	15200	62400	309000	-	-	550	5010
Aure	107700	107000	96000	169000	275	780	-	-
Halsa	38000	59800	72300	111700	215	570	-	-
Tustna	62500	28000	16400	24800	1125	-	-	-
Smøla	274800	-	-	-	-	-	-	-

Tabell 4.7 Arealoversikt over foreslalte myrreservat.  
dekar

LOKALITET	Kommune	Total areal	Skikka til dyrk. *	Anna prod skog *	Anna areal
1 RUNDE	Herøy	845	300	-	545
2 AMSMYRA	Ørsta	285	285	-	-
3 ØRSKOGFJELLET	Ørskog og Vestnes	9060	-	-	9060
4 SELJEBOTSMYRANE	Stordal	690	240	250	200
5 GASMYRA	Sykkylven	225	208	17	-
6 STOREIDET	"	610	610	-	-
7 HEIANE	"	1950	550	450	950
8 SØGARDNSMYRANE	Haram	705	337	-	368
9 SKULØY	"	1160	146	-	1014
10 SVARTELVA	Vestnes	390	300	90	-
11 VETTAVATNA	Nesset og Gjemnes	3275	720	85	2470
12 RØA	Molde	1520	-	500	1020
13 GULE-/STAVIKMYRANE	Fræna	8100	400	-	7700
14 FRÆNEIDET	"	1650	500	950	200
15 KNARRASHAUGMYRA	Eide	215	180	-	35
16 SVANVIKMYRA	"	995	995	-	-
17 LAUVASEN	Averøy	905	350	400	155
18 EINSETMYRA	Tingvoll	100	95	-	5
19 STORMYRANE	"	540	415	-	125
20 PRESTGARDSELVA	Surnadal	4085	-	470	3615
21 HØGMYRAN	"	2270	-	1550	720
22 TÅGDALEN	"	1460	-	244	1216
23 GRØNKJØLEN	Surnadal og Rindal	3315	-	-	3315
24 LOMUNDSJØMYRA	Rindal	550	-	-	550
25 STORSLETTKJØLEN	"	2125	-	-	2125
26 BAKLIÅSMYRANE	Aure	705	200	-	505
27 GJELASÆTRA	"	350	90	-	260
28 RØDMYRA	Halsa	215	140	75	-
29 STOKKJØLEN	"	570	-	-	570
30 SANDVIKMYRA	Tustna	1125	501	209	415
<b>TOTALT</b>		<b>49990</b>	<b>7562</b>	<b>5290</b>	<b>37138</b>

\* Oppgåver fra dei kommunale landbrukskontora, nokre av oversлага er usikre.

## Oversikt over etterregistreringane sommaren 1985.


**Tabell 4.8** Oversikt over nye myrlokaliteter i Møre og Romsdal.

Kolonne 5: O=ombrotrofe myrkompleks, M=minerotrofe myrkompleks, OM=ombro-minerotrofe myrkompleks (O dekker 50-80%), MO=minero-ombrotrofe myrkompleks (M dekker 50-80%)


Kolonne 6 og 7: Tillegg til Fb:  
b: bratt bakkemyr (>8° helling)  
B: særlig bratt bakkemyr (> 15° helling) t/T: tuebakke-myrr dekker 40-80% />80% av bakkemyra.

Kolonne 10. 1. Særlig verneverdig, a. internasjonalt,  
b. nasjonalt, typeområde,  
c. nasjonalt, spesialområde,  
2. Verneverdig i landsdelsammenheng, 3. Lokal verneverdi.  
5. Uten verneverdi.

	Kartblad serie M711 Målestokk 1:50 000	UTM-referanse	Høyde o.h.m	Areal ha	Ombrotrof/minerotrof	Dominerende myrtypet og typer som dekker 10 ha eller mer	Andre typer som dekker 1-10 ha. I parentes er tatt med spesielle typer som dekker mindre areal.	Vegetasjonsenheter som dekker mer enn 10 % (liten bokstav knapt 10 %)	Forekomst av rik vegetasjon (R). Små bokstaver betyr liten forekomst.	Verneverdi
105. Vestnes, Skorgedalen, V for Ellingsgarden	1220 II	LQ 96,98	190	1	M	Fbb		L,Q,m	r	3
106. Hareid, SØ for Snipsøyri	1119 I	LQ 43,13	25	2	M	Ff		F,L,q,m	(r)	3
107. Ulstein, Flofjellet, N for Brorevatnet	1119 I	LQ 41,22	415	13	M	FbTb	Ff,Dt	F,G,A,h	(r)	(2)-3
108. Ulstein, Flofjellet, Djupmyrane	1119 I	LQ 39,23	410	25	M	FbT	Ff,Dt	F,I,A,g		2-3
109. Ulstein, Flofjellet, V for Littlevatnet	1119 I	LQ 38,21	170	9	M	FF	Eo,Cu	F,H,I,A		(2)-3
110. Sande, Myr ved Vågselva	1119 III	LQ 26,02	25	14	OM	AB	Ff	A,G,D,L,h,q	r	3-4
111. Ørsta, S for Amsnipa	1219 III	LP 56,96	425	30	M	Fbtb	Eo	G,F,A,i		4
112. Ørsta, Myr ved Am	1119 II	LP 54,96	50	15	MO	Ff	Au	G,A,B,C,l	(r)	1b
113. Fræna, NV for Raudtuva	1220 I	MQ 04,79	250	15	M	FbT	(Dh), (Dt)	F,K,G,A		(2)-3
114. Vestnes, N for Ellingsgardsætra	1220 II	LQ 95,37	210	10	M	Fbb	Eo	L,C,F,A,q	r	2-3



**Figur 4.3** Oversikt over oppsøkte myrlokaliteter i Møre og Romsdal.  
Lokalitetene 105-114 er nye.



Figur 4.4 Oversikt over foreslatté myrreservat.

#### **4.4 OMTALE AV DEI EINSKILDE LOKALITETANE I VERNEPLANFRAMLEGGET**

1 RUNDE	Herøy kommune
2 AMSMYRA	Ørsta kommune
3 ØRSKOGFJELLET	Ørskog og Vestnes kommunar
4 SELJEBOTSMYRA	Stordal kommune
5 GASMYRA	Sykkylven kommune
6 STOREIDET	Sykkylven kommune
7 HEIANE	Sykkylven kommune
8 SØGARDSMYRANE	Haram kommune
9 SKULØY	Haram kommune
10 SVARTELVA	Vestnes kommune
11 VETTAVATNA	Nesset kommune
12 RØA	Molde kommune
13 GULE- / STAVIKMYRANE	Fræna kommune
14 FRÆNEIDET	Fræna kommune
15 KNARRASHAUGMYRA	Eide kommune
16 SVANVIKMYRA	Eide kommune
17 LAUVÅSEN	Averøy kommune
18 EINSETMYRA	Tingvoll kommune
19 STORMYRANE	Tingvoll kommune
20 PRESTGARDSELVA	Surnadal kommune
21 HØGMYRAN	Surnadal kommune
22 TÅGDALEN	Surnadal kommune
23 GRØNKJØLEN	Rindal og Surnadal kommunar
24 LOMUNDSJØMYRA	Rindal kommune
25 STORSLETTKJØLEN	Rindal kommune
26 BAKLIÅSMYRANE	Aure kommune
27 GJELASÅTRA	Aure kommune
28 RØDMYRA	Halsa kommune
29 STOKKJØLEN	Halsa kommune
30 SANDVIKMYRA	Tustna kommune

**LOKALITET NR. 1 : RUNDE  
KOMMUNE : HERØY**

Kartreferanse M711 : 1119 IV Fosnavåg LQ 23-25, 23-24  
 Areal : 845 daa  
 Høgde over havet : 100-290 meter  
 Gards- og bruksnr. : 10/ 1,3-7,9-19

#### KORT OMRADESCILDRING

Hellande myrområde på vestdelen av platået på Runde. Både i sørvest og i nord endar myra i brattkantar og stup som alt er verna som planter- og fuglefredingsområde. I aust hellar terrenget ned mot busetnaden på Goksøy. Her er landskapet sterkt prega av sauedrift med beitevegetasjon og fleire gjerde.

#### FAGLEG VURDERING

Myrane dominerer det austhellande platået på den nordvestlege delen av øya. Nedst er det mineralrotflatmyr, medan det oppover i skråningane er fint utvikla terregdekjkjande myr. Slik myr finst med opp til 25 grader helling. Dei fleste toppane har fastmarksvegetasjon. Duskull dominerer på dei nedste delane. Småbjønnskjegg-torvull-samfunn dekkjer og store areal. Heiblafjør, loppestarr, grønstarr og storbjønnskjegg er interessante suboseaniske artar.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre for framtida ein myrtype som har vore vanleg i kyststrøka, men som no på grunn av menneskeinngrep er blitt sjeldan i god og typisk utforming. Verneforslaget må og sjåast i samband med det sære rike fuglelivet på Runde.

#### UTFØRTE INNGREP


Delar av myrane er sterkt prega av eldre torvstikk. Gjødsling fra fuglane synest å ha påverka vegetasjonen. Sauebeiting og trakk etter turistar har også sett spor etter seg på myrane.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Delar av myrane er dyrkbare.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Gangstiane til fuglefjella bør opparbeidast med trekloppar slik at ikkje trakkslitasjen spreier seg for mykje utover.



HERØY KOMMUNE

RUNDE

Kartblad ØK: AK 103-5-3  
Målestokk : ca. 1:6200



**LOKALITET NR. 2 : ÅMSMYRA**  
**KOMMUNE : ØRSTA**

Kartreferanse M711 : 1119 II Volda LQ 54, 96  
 Areal : 285 daa  
 Høgde over havet : 55 meter  
 Gards- og bruksnr. : 32/1,3,4,6 33/1,8,9,11,13,15,27 34/4,7,10,11,12,15,16

#### KORT OMRADESKILDRING

Åmsmyra ligg på Åm omlag 5 km sørøst for Ørsta sentrum. Lokaliteten er kransa av jordbruksland og produktive skogslier. Naturtilhøva er varieret med frodige starrsumpar og kantskogar langs elva, ei trelaus nedbørsmyr sentralt i området og ei frodig tjønn i sør, kransa av jordvassinfluerte myrtypar.

#### FAGLEG VURDERING

Eit velavgrensa og variert myrområde med ei stor platåhøgmyr sentralt. Høgmyra har uregelbundne strukturar med høljer med fastmatte/mjukmatte og tuer. Røsslyng, reinlav og gråmose er vanlege i tuene, medan småbjønnskjegg, rome, klokkeling, kvitlyng og molte dominerer fastmattene og kvitmyrak er vanleg i mjukmattene.

Flatmyra er for det meste fattig og er dominert av blåtopp, pors og slåttestarr. Flaskestarr, elvesnelle, sivblom og dystarr er vanlege. Interessante artar er engstarr, heiblåfjør, kystmyrklegg, kysttjønnaks og solblom.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei høgmyr med verneverdi som nasjonalt typeområde. Slike høgmyrar er særskjeldne på Sunnmøre og i fylket i det heile. Innslaget av andre myr- og naturtypar aukar verneverdien.

#### UTFØRTE INNGREP


Det går fire kraftliner gjennom området, ei over nedbørsmyra og tre i parallel sør i lokalitetten. Det er dyrka inntil myra i aust og sør.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det ligg føre planar om senking av elva (NVE 1971). Grunneigarane ønskjer å drenere myra for å betre lokalklimaet og for oppdyrkning.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK / MERKNADER

Senking av elva med 0,4 meter som planane viser, vil kunne føre med seg store skadeverknader for myrsystemet gjennom senka grunnvasstand.



**LOKALITET NR. 3 : ØRSKOGFJELLET  
KOMMUNAR : ØRSKOG OG VESTNES**

Kartreferanse M711 : 1220 II Vestnes LQ 94-98, 33-35  
 Areal : 9060 daa  
 Høgde over havet : 310-600 meter  
 Gards- og bruksnr. : Vestnes: 20/ 1-9, 11, 12, 15-17, 21  
                       29/ 7, 11, 15, 17, 18, 27  
                       Ørskog: 89/ 1-5 92/ 1, 2, 3, 5 93/ 1, 2 94/ 2  
                       95/ 1, 2 96/ 1-7, 9, 10, 13

**KORT OMRADESKILDRING**

Stor open dal mellom E69 og Jutevatnet. Det meste av dalbotnen er trelaus, medan det i dalsidene veks frodig fjellbjørkeskog. Fleire bekkar og elvar delar opp myrområda. Ørskogfjellet er eitt av dei viktigaste skifartsområda i Møre og Romsdal. Verneforslaget omfattar oppmarsområdet for friluftslivsaktivitetane.

**FAGLEG VURDERING**

Store bakkemyrområde, ofte med kraftig helling, og flatmyrar dominerer landskapet. Mindre førekommstar av terregndekkjande myr og overgangstypar mot fukthei. Erosjon er vanleg. Torvlaget er tynt, oftast mindre enn 1 meter. Fattigmyrvegetasjon på fastmatte dominerer. Rikmyr er berre observert nord i lokaliteten. Ombrotrof tuevegetasjon er vanleg, ofte i kombinasjon med lausbotn. Klokelyng, korallrot, engmarihand, kystmyrklegg, heiblåfjør, fjelltistel og breiull er nokre interessante artar som veks i området.

**FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET**

Formålet med verneforslaget er å frede eit sjeldant stort og urørt myrområde som er typisk i nasjonal samanheng.

**UTFØRTE INNGREP**


Inne i lokaliteten ligg fleire gamle seterstølar og hytter. Nede ved E69 er det fleire inngrep, og det er planar om å utvide parkeringsplassane. Det er det teke omsyn til i framlegget.

**KJENDE INTERESSEKONFLIKTER**

Delar av lokaliteten kan vere aktuell dyrkingsjord. Området er mykje brukt til sauebeite, og det er eit attraktivt friluftsområde både sommar og vinter, men beite og friluftsliv vil ikkje bli hindra av eit eventuelt vern av området. Bygging av nye hytter kan ikkje aksepteras i eit myrreservat. Ved Auspholen er det planlagd lysløype som kan kome i konflikt med verneinteressane.

**AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER**


Dersom turisttrafikken aukar, kan det vere aktuelt med merking og skjøtsel av dei viktigaste ferdselsårene. Eksisterande hytter kan stå, men det bør utarbeidast ein plan for korleis hyttebruken skal føregå i framtida.



ØRSKOG OG VESTNES KOMMUNAR

ØRSKOGFJELLET

Kartblad ØK: AUV 105-106  
Målestokk : 1:20 000



**LOKALITET NR. 4 : SELJEBOTSMYRANE  
KOMMUNE : STORDAL**

Kartreferanse M711 : 1219 I Stranda  
                       1319 IV Valldal MQ 07-08, 18-19  
 Areal : 690 daa  
 Høgde over havet : 320-420 meter  
 Gards- og bruksnr. : 143/ 2 145/ 1,3 +4 med ukj. G.br.nr.

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg aust for Storelva der Nørdreredalen delar seg, omlag 12 km aust for Stordal sentrum. Myrane er avgrensa av elvar i vest og nord, og av veg og hytter i sør. Ned mot Storelva er myra svakt hellande med nokre bjørkekratt. I aust stig lia med storvaksen bjørkeskog. Fleire små bekkar kryssar myra.

#### FAGLEG VURDERING

Bakkemyr dominerer lokaliteten. Nedst ved elva finst flatmyr og små parti med ombrotrof kanthøgmyr. Ein finn og kjelder. Fattig vegetasjon med rome, blåtopp og småbjørnnskjegg dominerer. Kjeldevegetasjonen er mellomrik. Klokkelyng, svartopp, sumphaukskjegg, smørtelg, myrkråkefot, kystmyrklegg, fjelltistel og sivblom er nokre interessante artar.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit representativt myrområde av dette slaget. Seljebotsmyrane er den mest verneverdige lokaliteten i desse områda, og er verdsett som regionalt/nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Det er bygd nokre hytter sør i området, der det i generalplanen er avsett eit hytteområde. Mange gamle høyløer vitnar om myrslått i tidlegare tider. Heilt i nord er det planta litt gran på fastmark.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det planlagte hytteområdet kan innpassast i verneforslaget. I dag er det drift på bjørkeskogen i lia ovanfor myrane. Slik drift kan halde fram, men eit eventuelt treslagskifte i dei lågaste delane av lia kan kome i konflikt med verneinteressene.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Skjøtselsarbeid som myrslått og restaurering av ei/fleire høyløer er ønskjeleg. Det krev eventuelt utarbeiding av ein skjøtselsplan.



**STORDAL KOMMUNE**

**SELJEBOTSMYRANE**

Kartblad ØK: AX 102-5-1

103-5-3

BD 103-5-4

Målestokk : ca. 1:6250



**LOKALITET NR. 5 : GÅSMYRA**  
**KOMMUNE : SYKKYLVEN**

Kartreferanse M711 : 1219 IV Sykkylven LQ 78, 09  
 Areal : 225 daa  
 Høgde over havet : 50-75 meter  
 Gards- og bruksnr. : 26/4,6,7,13,14,18

#### KORT OMråDESKILDRING

Lokaliteten ligg nedanfor Regndalen vest for Brunstad, omlag 12 km sør for Aure. Myra ligg på ein terrasse av lausavsetningar med skarpe grenser mot fastmark. Inntil terrassekanten i nord er jorda nytta til beite. Aust for myra er eit område nyleg dyrka.

#### FAGLEG VURDERING

Størsteparten av lokaliteten er klassifisert som ekte høgmyr (platåhøgmyr). Langs kanten finn ein innslag av lagg, frodige kantplantesamfunn og minerotrofe myrparti. Det er også minerotrofe gjølar inne på myra. Ombrotrof tuevegetasjon dominerer med mykje gråmose. På fastmatte veks for det meste rome og klokkelyng. Interessante artar som veks her, er dvergbjørk, fjellkrekling, kvitmyrak og sivblom.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å verne eit særskilt fint utvikla myrkopleks med verdi som nasjonalt typeområde. Myrar av denne typen har vore vanlege inne i fjordane på Vestlandet, men dei aller fleste er no øydelagde.

#### UTFØRTE INNGREP


Det fins spor etter torvstikk nordvest på myra, og det er mogleg at nokon ein gong har prøvd å drenere tjernet.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Lokaliteten er aktuell til dyrkingsføremål. Det har vore jordskifte i området.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



SYKKYLVEN KOMMUNE

**GÅSMYRA**

Kartblad ØK: 100-5-2,4  
Målestokk : 1:5000



**LOKALITET NR. 6** : STOREIDET  
**KOMMUNE** : SYKKYLVEN

Kartreferanse M711 : 1219 IV Sykkylven LQ 68-69, 19  
Areal : 610 daa  
Høgde over havet : 110-165 meter  
Gards- og bruksnr. : 49/1,2 50/2,12 51/1 52/1-4 53/1,2,3

#### KORT OMRÅDESKILDRING

Flate myrområde i ein vid, liten dal mellom Hovdeåsen og Særvatna, 5 km vest for Ikornes. Dalen er kransa av skog og jordbruksland og i aust ligg ein gammel seterstøl. Svartbekkelva renn midt etter dalen. Det foreslalte verneområde ligg nord for bekken og opp til skogs bilvegen.

#### FAGLEG VURDERING

Eit samanhengande myrkompleks med helling mot vest. I aust er det innslag av høgmyr, men planmyr dominerer lokaliteten. Begge myrtypene har fine erosjonssystem. Fleire parti med furuskog splittar opp myrflatene. Langs bekken står det fine oreskogar med innslag av rik vegetasjon. På myrane dominerer ombrotrof tuevegetasjon med m. a. dvergbjørk, småvaksen furu og gråmose. Vegetasjonsfri lausbotn er vanleg i erosjonsfurene. Det er også innslag av flatmyr og øyblandingsmyr. Interessante planteartar er jáblom, bjønnbrodd, strengstarr og breiull.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

I den klimasona ein finn denne lokaliteten, har det vore store myrområde. Dei aller fleste er no øydelagde. Formålet med verneforslaget er å sikre eit av dei siste områda i denne sona. Lokaliteten har verneverdi som nasjonalt typeområde. Innslaga av rikmyr, fine fuktskogar med furu og oreskogane gjer lokaliteten ekstra verdifull.

#### UTFØRTE INNGREP


Ei 300 kV kraftline kryssar lokaliteten i aust. I fastmarkskanten nord for myra er det bygd skogs bilveg. Fleire mindre grøfter fra vegen stikk ut på myra. Inntil lokaliteten i nord, på sørsida av vegen, er det planta gran på fastmark.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Lokaliteten kan vere aktuell til dyrkingsføremål og skogreising.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER


Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



## SYKKYLVEN KOMMUNE

**STOREIDET**

Kartblad ØK: AR 102-5-1,2  
Målestokk : ca. 1:7700



**LOKALITET NR. 7 : HEIANE  
KOMMUNE : SYKKYLVEN**

Kartreferanse M711 : 1219 IV Sykkylven LQ 76-79, 18-19  
 Areal : 1950 daa  
 Høgde over havet : 285-550 meter  
 Gards- og bruksnr. : 7/1-25, 29, 32, 35, 38, 39, 44, 47, 50, 69, 77  
                       14/1, 3, 4, 5, 7, 9, 11, 12   15/1, 3 16/1  
                       17/1-7, 12, 13, 35

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg på ein sadel i terrenget mellom Aurenakken og Fagrefjellet, sørøst for Aure. Myrområdet blir drenert i tre retningar. Sjølve myrflatene er trelause, medan det i liene nedanfor står mykje produktiv skog. Tverrelva renn vestover gjennom det meste av området.

#### FAGLEG VURDERING

Heiane er eit stort og samanhengande myrlandskap med veksling mellom mange myrtypar. I dalbotnen dominerer planmyr, øyblandingsmyr og flatmyr. Bakkemyr og overgangstypar mot fukthei dominerer i hellingane. Torvlaget er for det meste tynt, og steinar stikk fram i dagen mange stader. Fattigmyrvegetasjon og ombrotrof tuevegetasjon dekkjer størst areal, men ei rekke andre vegetasjonstypar er også vanlege. Lokaliteten er rik på planteartar, mellom anna suboseaniske som t.d. smørtelg, heiblåfjør og kysttjønnaks. Andre interessante artar er myggblom, jáblom, gulsildre, nøkkesiv, breiull og sivblom.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit stort og fint myrlandskap med sterke oseaniske trekk i planteliv og utforming. Ein har i tillegg innslag av meir austlege artar og plantesamfunn. Heiane har verneverdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


To store kraftliner og grøfting inntil lokaliteten i vest. Det er bygd eit gjerde, dels i stein, tvers over dalen. Området er brukt til sauebeite.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Delar av lokaliteten er aktuell til dyrkingsfremål og det er ønskje om etablering av fellesbeite i dei sentrale delane av området. Det er også skoginteressar i liene nedanfor myrane.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Nokre av grøftene i vest må restaurerast. Lokalkjende hevdar at myrane er i ferd med å gro att med bjørk.



**LOKALITET NR. 8 : SØGARDSMYRANE**  
**KOMMUNE : HARAM**

Kartreferanse M711 : 1220 III Brattvåg MQ 62-63, 93  
 Areal : 705 daa  
 Høgde over havet : 0-17 meter  
 Gards- og bruksnr. : 3/ 9,10,11,13-17,22,63,64,75,77

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg på vestsida av Fjørtoft, heilt i havgapet. Myrområda er trebare og kraftig vindeksponeerte. Langs sjøen er det fleire knausar med snau berggrunn og store rullesteinsryggar. På nordsida er det eit langgrunt strandområde med skjer utanfor. Innanfor lokaliteten, i aust, ligg busetnaden.

#### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er samansett av planmyr, øyblandingsmyr og flatmyr. Kraftig erosjon med markerte erosjonsfuruer karakteriserer store deler av lokaliteten. Klimaet er ekstremt oseanisk. Ombrøtrotf vegetasjon dominerer med gråmose, torvull og småbjønnskjegg. Kystmyrklegg, heiblåfjør og dvergbjørk er interessante artar.

Lokaliteten har høg verneverdi som hekkeplass for sjøfugl. Det er også registrert tre lokalitetar med verneverdig havstrandvegetasjon i området.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den einaste verneverdige myrlokaliteten som ligg på havnivå i den sørlege kystregionen i fylket. Som myrlokalitet har Søgardsmyrane verneverdi som regionalt typeområde. I tillegg kjem store verneinteresser m.o.t. sjøfugl og havstrandvegetasjon. Kombinasjonen av desse verneverdiane gjer at Søgardsmyrane er særverdfulle som naturtypeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Lokaliteten er avgrensa i aust av grøfter og leplantingar. Det er også leplantingar inne i lokaliteten. Eldre torvstikk har sett preg på myrane enkelte stader.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Dersom myrane er dyrkbare, kan det verte aktuelt med dyrking.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



HARAM KOMMUNE

**SØGARDSMYRANE**

Kartblad ØK: AQ 110-5-3  
Målestokk : ca. 1:6400



**LOKALITET NR. 9 : SKULØY  
KOMMUNE : HARAM**

Kartreferanse M711 : 1220 III Brattvåg LQ 60-61, 51-53  
 Areal : 1480 daa  
 Høgde over havet : 175-475 meter  
 Gards- og bruksnr. : 8 / 1-6, 14-18, 24, 25, 28, 31, 36, 43, 57, 62, 64, 69

#### KORT OMRADESKILDRING

Store, hellande myrområde oppe på platået på Skuløya/Flemsøya. Lokaliteten ligg vest for Skulen (492 moh.). Lia i nordvest er rasmarkprega og bratt, elles skrånar terrenget jamnt sørover ned mot Bakkedemma. Der flatar det ut, og beitedrift og mange bekkar og dammar set sitt preg på naturen. Heile området er kraftig vindekspontert, slik øya ligg heilt ute i havgapet.

#### FAGLEG VURDERING

Kystlandskap med veksling mellom myr og fukthei. Terregndekkjande myr dominerer, med innslag av bakkemyr og flatmyr. Det er fleire kjelder og erosjonskompleks i området. Ombrotrof tuevegetasjon med røsslyng, klokkeling og dvergbjørk dominerer. Store areal har fattig fastmattevegetasjon med romme og småbjønnskjegg. Nord for Bakkedemma er det innslag av kjeldevegetasjon og rikmyrvegetasjon. Der veks mellom anna svarttopp, skavgras, jåblom, gulsildre, bjønnbrodd og breiull. Av vanlege suboseaniske artar kan nemnast heiblafjør, kysttjønnaks og grøftesoleie.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre det best utvikla landskapet med terregndekkjande myr vi har igjen i fylket. Dette er ein myrtyp som har vore svært vanleg langs kysten, men som gjennom fleire hundreår har vore utsett for torvstikk, dyrking og nedbygging. Myrane på platået på Haramsøy er det ferskaste eksemplet på det. Dei var rekna å ha internasjonal verneverdi i 1975, i dag er området oppdyrka. Myrområda på Skuløy har verneverdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP

Det er spor etter beitedrift, særleg ved Bakkedemma.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det er bygd veg opp Bergedalen (nordvest for verneområdet), og her er store areal dyrka. Grunneigarane på Longva ønskjer å etablere eit fellesbeite i den vestlege delen av eigedomens sin (aust for Flemsdemma). Bakkedemma kan og vere aktuell til dyrkingsføremål.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra. På kartet viser heiltrekt strek ønska avgrensing utifra verneomsyn. Den stipla streken er eit forslag til avgrensing som kom fram under ei synfaring med m.a. grunn-eigarrepresentantar.



**LOKALITET NR. 10 : SVARTELVA  
KOMMUNE : VESTNES**

Kartreferanse M711 : 1220 II Vestnes LQ 89, 42-43  
 Areal : 390 daa  
 Høgde over havet : 60-90 meter  
 Gards- og bruksnr. : 72 / 2, 4-7, 9, 10, 12, 19, 21, 28

#### KORT OMRÅDESKILDRING

Lokaliteten ligg mellom Storelva og Svartelva i Fiksdal. Skogslia under Sæterhaugen avgrensar lokaliteten i vest.

#### FAGLEG VURDERING

Planmyr med markerte strukturer og fine erosjonsfurer dominerer. Myrane er oppsplitta av fastmarksryggar. Flatmyr er vanleg, og ein finn og tre høgmyrkopleks (kanthøgmyr). Ombrerotf tuevegetasjon og fattig vegetasjon dominerer. Rome og kvitmyrak er vanlege artar. Meir interessante artar er dvergbjørk, klokkeling, kryspsiv, knapsiv og fleire bjørne-moseartar.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit myrområde med verneverdi som regionalt typeområde. Lokaliteten ligg i eit tidlegare myrrikt distrikt. I dag er alle dei større myrområda her påverka av grøfting og andre inngrep. Lokaliteten er derfor viktig som eit eksempel på ein myrtyp som har vore dominerande i dette landskapet.

#### UTFØRTE INNGREP


Den nordlege delen av myrområdet, der elvane møtest, er sterkt påverka av torvstikking og traktorkøyring. Framleggget til verneområde gjeld derfor berre den sørlege delen. Her er ikkje myra påverka av tekniske inngrep.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Lokaliteten kan vere aktuell til dyrkingsføremål eller skogreising. Det må byggjast skogsveg slik at grunneigarane kjem til skogen i lia i sør, og traséen er innteikna på jordskiftekart tvers over lokaliteten.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ny trasé for skogsveg må avklarast i samarbeid mellom grunneigarar, landbruksstyresmakter og miljøvernstyresmaktene.



VESTNES KOMMUNE

SVARSELVA

Kartblad ØK: AV 107-5-1  
Målestokk : 1:5000



**LOKALITET NR. 11 : VETTAVATNA  
KOMMUNAR : NESSET OG GJEMNES**

Kartreferanse M711 : 1320 I Tingvoll MQ 44-45, 63-65  
 Areal : 2920 daa + 355 daa vassflate  
 Høgde over havet : 375-485 meter  
 Gards- og bruksnr. : 12/ 1,3 15/ 1,3-10,12,13,15,21  
                       16/ 1,2,3,5,6,7,15,16 + Møre skogforv.

**KORT OMRADESKILDRING**

Lokaliteten ligg i ein åpen dal mellom Rød og Fosterlågen, omlag 40 km aust for Molde. I vest er det snaufjell, og lia ned mot Vettavatna er for ein stor del samansett av bakkemyrar. Vettavatna er knytt saman av ein stilleflytande bekk og kransa av vassplantar. Aust for vatna stig terrenget bratt med knausar og furu/bjørkeskog.

**FAGLEG VURDERING**

Stort myrlandskap dominert av bakkemyr og flatmyr. Også innslag av øyblandingsmyr, terregnakkjande myr og planmyr. Det er noko erosjon i alle typane. Fattig vegetasjon dominerer, men innslag av rikare finst med mellom anna myggblom i stort tal, svarttopp, engmarihand, breiull, sivblom, strengstarr og rundstarr.

**FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET**

Formålet med verneforslaget er å sikre eit høgtliggjande bakkemyrområde som er typisk for landsdelen. Lokaliteten har regional verneverdi. Innsлага av rikmyr og nokre sjeldne artar aukar verneverdien.

**UTFØRTE INNGREP**

Nokre høyløper vitnar om slått i eldre tider. Nokre hytter står og i området. Sør for lokaliteten er eit større myrområde dyrka, men dette kjem i liten grad i konflikt med verneinteressene.


**KJENDE INTERESSEKONFLIKTER**

Ein del av myrane kan dyrkast, men det ligg ikkje føre planar om dette.

**AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER**

Dei eksisterande hyttene kan stå. Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.

Kjerringfjellet -



NESSET OG GJEMNES KOMMUNAR

VETTAVATNA

Kartblad ØK: BKL 111-112  
Målestokk : 1:20 000



**LOKALITET NR. 12 : RØA  
KOMMUNE : MOLDE**

Kartreferanse M711 : 1320 III Andalsnes MQ 21-23, 56-57  
 Areal : 1520 daa  
 Høgde over havet : 10-45 meter  
 Gards- og bruksnr. : 3/ 1 15/ 1,5 16/ 1

#### KORT OMRADESCILDNING

Langs Røa på Skålahalvøya ligg store myrområde kransa av skog. Denne lokaliteten er avgrensa av skogkledde kollar i sør og elles av elvar. Også langs vassdraga står det skog, for det meste furu. I vest er det parti med rikare lauvskog langs eit bekkedråg. Det står og nokre furuholt ute på myrfatene.

#### FAGLEG VURDERING

Flatmyr og planmyr dominerer. I kantane finn ein bakkemyr, og nedst svak strengmyr med lausbotnflarkar. Ombrotrof tuevegetasjon er mest vanleg med gråmose og kysttorvmose som dominerande artar i botnsjiktet. Det er mest rome i fastmatter, og kvitmyrak er vanleg i lausbotn. På fattigmyrane dominerer pors. Nøkkesiv og sivblom er to interessante artar som veks i området.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit større myrområde med typisk utforming og planteliv for låglandet i denne delen av fylket. Lokaliteten er det beste alternativet blant myrane ved Røa, og har verdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Ei kraftline går parallelt med elva gjennom heile området. Inntil lokaliteten i sør er det planta skog og bygd veg utan at sjølve myrområda er rørte.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ein av grunneigarane har det meste av skogen sin på fastmarksryggar innanfor lokaliteten, og må ha veg inn i området for ikkje å køyre på myrane. Det er også interesse for skogreising på delar av myrane.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



MOLDE KOMMUNE

**ROA**

Kartblad ØK: BF 110-5-2

111-5-4

Målestokk : ca. 1:7000

**LOKALITET NR. 13 : GULE- / STAVIKMYRANE  
KOMMUNE : FRÆNA**

Kartreferanse M711 : 1220 I Hustad LQ 98-99, 74-78  
MQ 00, 76-78

Areal : 8100 daa

Høgde over havet : 25-50 meter

Gards- og bruksnr. : 4/1 5/1,2,3,5 6/1 113/1 114/1 115/2  
116/1-4,8 117/2 118/1,2,4,5,7-12,17-19,29,31,32  
119/2,3,8 (+ 4 teiger utan G;br. nr.)

#### KORT OMrådeskildring

Eit stort myrlandskap med havet like utaføre. Nord i området ligg Gulevatnet. Aust og sør for vatnet er myrane splitta opp av små kollar og fastmarksryggar. Midt over området, i aust-vest retning, går fleire store og langstrakte fastmarksryggar. I aust ligg Myrsteinen, eit karakteristisk landemerke med sine 105 meter over havet. Mellom fastmarksryggane og Langvatnet er det for det meste djup myr. Det er sparsamt med trevegetasjon over heile lokaliteten. Berre langs nokre av vatna og rundt Myrsteinen er det nokre skogholt med furu og bjørk. Ved Marihaugen er det ein mindre lågurtskog med dominans av osp i tresjiktet. Fleire leplantingsbelte set og sitt preg på landskapet.

#### FAGLEG VURDERING

Ombrøtrofe myrtypar dominerer eit variert myrlandskap. Planmyr er mest vanleg, men ein finn og atlantisk høgmyr. Over store område er det myr med markerte strukturer og djupe erosjonsfuruer. Vegetasjonen endrar seg dramatisk fra aust til vest. Det kjem av ein brann som herja dei vestlege delane i 1950-åra. Gråmose dominerer i tuene i vest, medan det i aust er større innslag av reinlav. Av plantogeografisk interesse er det at dvergbjørk, klokkeling og rome er vanleg i tuevegetasjonen.

Det finst mindre parti med øyblandingsmyr med minerotrofe senkingar. Flatmyr er vanleg i lågare parti. Her finst m.a. bukkeblad, kvitmyrak, dystarr og duskull. Overgangsvegetasjonstypar mot kysthei er vanleg.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein del av eit av dei største myrlandskapa i Norge, som totalt dekkjer 25-30 km<sup>2</sup>. Denne lokaliteten er den mest verneverdige i dette landskapet. Myrområdet er viktig som nasjonalt typeområde, og kan neppe erstattast av andre lokalitetar.

#### UTFØRTE INNGREP

Torvstikk har sett sitt preg på dei vestlege delane. Nord, vest og sør i lokaliteten er det planta klimavernskog i belte. I nordvest ligg eit gammalt massetak. Nord og nordaust for lokaliteten blir det no grøfta store areal til dyrking og skogreising. Ved Langvatnet ligg ei hytte. Fram til denne, og tvers over lokaliteten, går ein sti som dels er køyrbar med traktor. Stien er noko grøfta.


#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

I generalplanen for Fræna er den nordlege 2/3 delen av lokaliteten avsett til petrokjemisk industri eller anna oljeverksemd. Dette området er lite eigna til dyrkingsføremål. Det er dyrkings- og skogreis-

ingsønskje elles i lokaliteten.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

I massetaket ligg det bilvrak og anna skrot som må fjernast. Skjøtsel og revurdering av leplantinga kan bli naudsynt.



**LOKALITET NR. 14 : FRÆNEIDET**  
**KOMMUNE : FRÅNA**

Kartreferanse M711 : 1320 IV Eide LQ 98-99, 74-75  
 Areal : 1650 daa  
 Høgde over havet : 70-495 meter  
 Gards- og bruksnr. : 51/ 1,2 57/ 1,2,11,12

#### KORT OMRÅDESKILDRING

Fræneidet ligg i ein open dal mellom Eide og Elnesvågen. Lokaliteten ligg mellom Moaelva og Børredalselva på nordsida av dalen. Lia i nord er frødig, dominert av bjørkeskog, og med innslag av "edle" treslag på rasmork. Oppi i fjellsida ligg Trollkyrkja, ei kalkgrotte i fjellet som er eit populært mål for mange fotturistar.

#### FAGLEG VURDERING

Bakkemyr dominerer i eit hellande myrlandskap. Myrane er kraftig oppsplitta av små og store skogholt. Innimellan finst flatmyr, strengmyr og ombrotrof planmyr. I lokaliteten finst uvanleg mange planteartar, også mange kravfulle. På dei ombrotrofe tuene dominerer røsslyng, dvergbjørk og gråmose, og på fastmatte klokelyng, rome og småbjønnskjegg. Fattig fastmattevegetasjon vert dominert av blåtopp, småbjønnskjegg, torvull, pors, røsslyng og flaskestarr. Store areal har rik og ekstremrik vegetasjon med artar som t.d. brunskjene, svarttopp, engmarihand, skavgras, fjellsnelle, dvergjamne, bjønnbrodd, myrsaulauk og breiull.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit uvanleg variert og særprega myrområde med verneverdi som nasjonalt typeområde. Det store innslaget av kravfulle planteartar aukar verneverdien. Lokaliteten er ein del av eit større og svært verdfullt naturområde mellom Fræneidet og Langvatnet (Talstadhestområdet).

#### UTFØRTE INNGREP


Turstien til Trollkyrkja går tvers over området. Langs stien og i lia aust for denne er det planta ein del gran på fastmark. På begge sider av stien ned mot Moaelva er mindre areal oppdyrka. Vest for stien er det gjort få inngrep. I aust grensar lokaliteten mot grøfta myr der det er planta barskog.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Området ser ut til å vere godt eigna til oppdyrkning. Det er og skogbruksinteresser i lokaliteten.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Stien til Trollkyrkja bør opparbeidast.



FRÆNA KOMMUNE

FRÆNEIDET

Kartblad ØK: BDE 113-114  
Målestokk : 1:20 000



**LOKALITET NR. 15 : KNARRASHAUGMYRA  
KOMMUNE : EIDE**

Kartreferanse M711 : 1320 IV Eide MQ 12-13, 84  
 Areal : 215 daa  
 Høgde over havet : 5 meter  
 Gards- og bruksnr. : 121/ 2,7,24,34,36,39,40

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg ved Gaustadvågen mot grensa til Fræna kommune. Gaustadvågen/Sandblåstvågen er ein typisk utvikla elvemunningsvåg (estuar) som ligg i eit småkupert kystlandskap. Myra er avgrensa av kollar i nord og av ein kjerreveg/dyrka mark i sør. I vest renn Gaustadelva, og i aust grensar lokaliteten mot brakk dyrkamark og ein bekk.

#### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er samansett av tre skilde parti med atlantisk høgmyr. To er plane og eitt er svakt kvelva. Flatmyr omkransar dei ombrotrofe partia. Ombrotrof tuevegetasjon dominerer. Suboseaniske artar som kystmyrklegg, heiblåfjør og loppestarr er vanlege. Interessante artar er og dvergbjørk, gulsildre og bjønnbrodd.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Myrtypen i denne lokaliteten er typisk for området rundt Gaustadvågen og tilgrensande område, men dei siste åra er store myrareal endra og øydelagde av torvstikk, dyrking og andre menneskeverk. Formålet med verneforslaget er derfor å sikre ein representativ del av denne naturtypen. Spesielt interessant er denne lokaliteten fordi den ligg ekstremt lågt over havflata. Myrområda er og viktige for vassfuglane i vågen, og det gjeld i høgste grad denne lokaliteten. Ein må derfor også sjå ei freding av denne i samband med det internasjonalt verneverdige våtmarksområdet "Sandblåstvågen/Gaustadvågen".

#### UTFØRTE INNGREP

I det søraustlege hjørnet av myra er eit mindre areal dyrka. Marka har ikkje vore slått dei siste åra, og er i ferd med å gro til. Inntil lokaliteten i sør går ein lite brukskjerreveg.


#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Dei største grunneigarane vil selge. Det er dyrkingsinteresser i området.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Avvirking av bjørkeoppsslaget langs kjerrevegen kan bli naudsynt.

Gau



EIDE KOMMUNE

**KNARRASHAUGMYRA**

Kartblad ØK: BE 116-5-1  
Målestokk : 1:5000

N  
▲

**LOKALITET NR. 16 : SVANVIKMYRA  
KOMMUNE : EIDE**

Kartreferanse M711 : 1320 IV Eide MQ 19-21, 74-75  
 Areal : 995 daa  
 Høgde over havet : 12-40 meter  
 Gards- og bruksnr. : 153 / 1,3

#### KORT OMRADESKILDRING

Svanvikmyra ligg sør for Eide sentrum. Hovudmyra skrånar sørover ned mot Vassgårdvatnet og Litlvatnet. I nord er lokaliteten avgrensa av ei kraftline som går parallelt med veg og busetnad. I aust er elva grense med nydyrka myr på andre sida. I vest er det dyrka mark og ei lysløype som avgrensar det intakte myrområdet.

#### FAGLEG VURDERING

Stort myrkompleks som vekslar mellom ombrotrof planmyr, flatmyr og tuebakke myr. Planmyra er kraftig erodert. Det finst og kjelder og overgangstypar mot terrengdekkjande myr. Vegetasjon og flora er variert. Ombrerotrof tuevegetasjon med røsslyng, torvull, dvergbjørk, molte, krekling, kvitlyng og gråmose dominerer. Vanlege suboceaniske artar er pors, kystmyrklegg, heiblåfjør og kysttjønnaks. Rik og ekstremrik vegetasjon finst ved sig nordvest i lokaliteten, med m.a. svarttopp, blåsprett, breiull, bjønnbrodd og brunskjene.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre dei siste intakte delane av eit stort og velutvikla myrkompleks. Tidlegare har myrane dekt 2,5 km<sup>2</sup>, men det meste er no dyrka eller tatt i bruk til bustadføremål. Lokaliteten har verneverdi som nasjonalt typeområde. Vassdraga rundt er foreslått verna som våtmarksområde, og tilsaman er heile dette området eit sær verdifullt naturkompleks.

#### UTFØRTE INNGREP


Ei lysløype er bygd vest for lokaliteten, med tilhøyrande grøfting og planering. I nord er lokaliteten avgrensa av ei kraftline. Innafor denne stikk det to flikar av brakk dyrkamark og ein liten skytebane. Det er grøfta og planta gran heilt inntil kraftlinia.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Landbruksstyresmaktene reknar området som mest aktuelt til skogreising, men det føreligg ikkje konkrete planar. Ellers er det bygd bustadhus heilt inntil lokaliteten i nord, og strandlina langs vatna er mykje bruka til fiske og rekreasjon.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra



## EIDE KOMMUNE

SVANVIKMYRA

N ←

Kartblad ØK: BF 114-5-1,2  
Målestokk : ca. 1:7050

**LOKALITET NR. 17 : LAUVÅSEN  
KOMMUNE : AVERØY**

Kartreferanse M711 : 1320 IV Eide MQ 20-21, 86  
 Areal : 905 daa  
 Høgde over havet : 15-50 meter  
 Gards og bruksnr. : 103/1

#### KORT OMRADESKILDRING

Ope myrlandskap omlag 2 km sørvest for Kårvåg. Lokaliteten er eit avgrensa landskapsrom med skogkledd kollar på alle sider. Ute på myra er det nokre små, grunnlende parti og fleire bekkar og dråg.

#### FAGLEG VURDERING

I kantane av lokaliteten er det flatmyr og bakkemyr, medan hovedparten av myrkomplekset er samansett av nedbørsmyr. Planmyr dominerer, men ein finn og overgangstypar mot ekte høgmyr og atlantisk høgmyr. På nedbørsmyrane er det markerte strukturar og mykje erosjon. Kantskog manglar, men ein slags lagg finst. Laggen og fleire dråg sørger for tilførsel av minerogent vatn. Tuevegetasjon med røsslyng og gråmose dominerer. I dråga er det mest fattig vegetasjon, men rikmyr fins med m.a. tvebustarr og engstarr. Av andre interessante artar i lokaliteten kan nemnast toppstarr som er sjeldan i nasjonal samanheng, og heisiv.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei av dei siste, større, intakte myrane i eit opprinneleg myrrikt distrikt. Myra er fint utvikla, og har verdi som regionalt/nasjonal typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Litt gran er planta på fastmark, elles er lokaliteten urørt.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



AVERØY KOMMUNE

**LAUVÅSEN**

Kartblad ØK: BF 116-5-1,2

117-5-3,4

Målestokk : ca. 1:7150



**LOKALITET NR. 18 : EINSETMYRA**  
**KOMMUNE : TINGVOLL**

Kartreferanse M711 : 1321 II Kristiansund MQ 48, 89  
 Areal : 100 daa  
 Høgde over havet : 10-25 meter  
 Gards- og bruksnr. : 138/2

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg på søraustsida av Aspøya inn mot fastlandet. I sør, mot sjøen, er myra avgrensa av ein kolle og traséen til den planlagde fastlandssambandet til Kristiansund. Elles er lokaliteten avgrensa av dyrka mark og vegar. Størsteparten av myra drenerer sørvestover til Arnvikbukta.

#### FAGLEG VURDERING

Eksentrisk høgmyr utan tresetjing, med tydeleg lagg og kantskog. Svake strukturar på tvers av hellingsretninga, som for det meste er sørover. Ombrotrotf tuevegetasjon med mykje gråmose dominerer. Rome, tettegras, klokkeling og kvitmyrak veks ombrotroft. Pors er vanleg i laggen.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit myrområde med verdi som nasjonalt typeområde. Eksentrisk høgmyr er sjeldan i Møre og Romsdal, og denne lokaliteten er derfor særskilt verdfull.

#### UTFØRTE INNGREP


Sjølve myra er intakt. Langs vegen i aust er det planta nokre furutre.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Lokaliteten kan vere aktuell til nydyrkning. Den ligg inntil traséen til den nye vegen som skal knyte Kristiansund til fastlandet. Slik kan ei freding kome i konflikt med utbyggingsinteresser, men vil ikkje hindre vegen slik den no er planlagd.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt før anleggstarten på vegen til Kristiansund. Da må lokaliteten sikrast mot inngrep gjennom oppmerking.



TINGVOLL KOMMUNE

**EINSETMYRA**

Kartblad ØK: BK 117-5-4  
Målestokk : 1:5000



**LOKALITET NR. 19 : STORMYRANE  
KOMMUNE : TINGVOLL**

Kartreferanse M711 : 1321 II Kristiansund MQ 54-55, 90  
 Areal : 540 daa  
 Høgde over havet : 15-40 meter  
 Gards- og bruksnr. : 111/1,2 112/1 116/ 1 117/ 1,4

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg på austsida av Straumsneset sørvest for Kanestraum ferjeleie. Skogkledde kollar omkransar og splittar opp myrlandskapet. Fleire små bekkar renn vestover gjennom området til Monkbekken som så renn ut i Øvervågen.

#### FAGLEG VURDERING

Mange små myrelementsamlingar, mest planmyr og flatmyr, som heng saman gjennom myrglenner. Det fins små høgmyrar med kantskog og svake eksentriske strukturar. Erosjon er utbreidd på dei ombrotrofe myrane, og erosjonsfurene er dels kopla saman til høljer. Myrane har veksling mellom fattig og ombrotrof vegetasjon. Gråmose er vanleg i dei ombrotrofe tuene. Rome og kvitmyrak dominerer i høljene. Lokaliteten er artsfattig. Klokkelyng finst, og på fattigmyr er pors vanleg.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit variert og typisk utforma myrområde med verdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Inntil lokaliteten i sør er eit mindre parti grøfta og tilplanta med gran. Her har det vore nytta helikopter til gjødsling. Det er planta gran på fastmark på fleire av kollane rundt myra. Det er ein del køyreskader på myrane etter vinterskogsdrifta.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Grunneigarane er aktive skogbrukarar. Det kan derfor bli ein konflikt mellom næringsinteresser og verneinteresser når breidda på kantskogen i reservatet skal fastsetjast.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Det må byggjast skogsveg utanom myrane dersom ikkje vinterkjøringa kan halde fram.




#### **TINGVOLL KOMMUNE**

**STORMYRANE**

Kartblad ØK: BL 117-5-2

118-5-4

Målestokk : ca. 1:7150



**LOKALITET NR. 20 : PRESTGARDSELVA  
KOMMUNE : SURNADAL**

Kartreferanse M711 : 1420 Stangvik MQ 74-76, 76-78  
 Areal : 4200 daa  
 Høgde over havet : 300-580 meter  
 Gards- og bruksnr. : 117/ 1,9,11,12,16 118/ 30

#### KORT OMRADESKILDRING

Sørvestvend li mellom Raudmælan og Strengen, 4 km nord for Kvanne. Øvst er det fjellterren, der fleire småelvar startar på si reis ned til Stangvik. Det meste av trevegetasjonen er småvaksen bjørkeskog. I dei nedre delane av lia er det planta gran.

#### FAGLEG VURDERING

Bakkemyr dominerer landskapet i lia. Innimellom finst flatmyr, terengdekkjande myr og kanthøgmyr. Det er fleire kjelder i lokaliteten. Fattig fastmattevegetasjon er mest vanleg, men intermediær og rik vegetasjon dekkjer og store areal. Ekstremrik fastmattevegetasjon finst og. I høgareliggende delar er det ombrotrof tuevegetasjon, medan senkingane har minerotrof vegetasjon. Lokaliteten er artsrik med mange plantgeografisk interessante artar som t.d. klokkeling, engmarihand, fjellmarihand, kystmyrklegg, gulslidre og blåsprett. Kvitmøyak går opp til 400 moh. i bratt bakkemyr. Lokaliteten ligg på vestlegaste enden av dei kambrosilurske bergartane som går gjennom Surnadalen og inn i Sør-Trøndelag.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit svært rikt og fint utvikla bakkemyrlandskap med verneverdi som nasjonalt typeområde. Også dei ombrotrofe partia i øvre del av lokaliteten har høg verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP


Tidlegare slåttemyrar, noko fleire gamle høyløper vitnar om. Det ligg fleire hytter i området. Heilt sør i lokaliteten er det planta noko gran på fastmark. Køyreskadar på delar av myrane.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Delar av området er eigna til skogreising. Eventuell vidare hyttebygging vert hindra.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Det kan verte aktuelt med skjøtsel i form av slått på delar av området.



**LOKALITET NR. 21 : HØGMYRAN**  
**KOMMUNE : SURNADAL**

Kartreferanse M711 : 1421 II Vinjeøra MQ 95-97, 90  
 Areal : 2270 daa  
 Høgde over havet : 330-420 meter  
 Gards- og bruksnr. : 12/ 7,9 19/ 1,3 22/ 1,2,3,5,8,12,14

#### KORT OMRADESKILDRING

Området ligg sentralt i Nordmarka mellom Andersvatnet, Geitøyvatnet og Krokvatnet. Sjølve Høgmyran er ein slak ås midt i lokaliteten som dels er kledd med lågproduktiv skog. På dei flate myrområda sør for åsen er det mange dammar og tjern. I nord er terrenget meir kupert. Dette kjem av at fleire kalkryggar stikk fram i dagen. Her ligg det fleire små vatn mellom dei rike lauvskogåsane.

#### FAGLEG VURDERING

På sjølve myrplatået dominerer flatmyr. I kantane er bakkemyr mest vanleg, men det er også innslag av kanthøgmyr og tendensar til terrengdek-kjande myr. Kjelder er vanlege. Fattig vegetasjon dominerer på platået. Rik og dels ekstremrik vegetasjon finst i bakkemyrane i sørhellingsa. Dei nordvende myrane er som regel fattige. Lokaliteten er artsrik med eit stort innslag av suboseaniske artar og rikmyrartar som t.d. klokkelingyng, svarttopp, engmarihand, fjellmarihand, kjeldemjølke, stortveblad, tranestarr, hårstarr, ryllsiv, kastanjesiv og trillingsiv.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit myrområde som er typisk for landsdelen. Førekomstane av kalkkrevjande vegetasjon aukar verdien av området.

#### UTFØRTE INNNGREP


Det er bygd ny skogsbilveg sør for lokaliteten som knyter saman austre og vestre Nordmarksveg. Det står eit naust ved Svartvatnet, og Geitøyvatnet er regulert. Ein 300 kV høgspentline er planlagd aust for lokaliteten.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Den nye Nordmarksvegen kan opne for ytterlegare skogsvegbygging og påfølgjande treslagsskifte i området.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak er naudsynte dei første 10 åra.



**LOKALITET NR. 22 : TÅGDALEN**  
**KOMMUNE : SURNADAL**

Kartreferanse M711 : 1421 II Vinjeøra NQ 03-05, 91-92  
 Areal : 1460 daa  
 Høgde over havet : 380-490 meter  
 Gards- og bruksnr. : 1/ 1,4 2/ 4,5,9

#### KORT OMRÅDESKILDRING

Eit variert landskap aust for Krokvatnet i Nordmarka. I sørvest er området kupert med bekkedråg og frodig lauvskog. Mot aust og nord blir skogen erstatta av eit opnare myr- og heilandskap. Over heile lokaliteten er det små tjern og kjelder.

#### FAGLEG VURDERING

Bakkemyr og flatmyr dominerer av myrtypene. Mindre areal har strengmyr og fint utvikla kanthøgmyr. Kjelder er vanlege, og ein finn også gjølar. Vegetasjon og flora er variert. Rik bakkemyrvegetasjon dekkjer store areal. Kjeldevegetasjonen er rik og variert, og det same gjeld fuktiskog og fukteng. Ein finn og fattig og ombrotrof vegetasjon. Lokaliteten er særskilt artsrik med ei rekke suboseaniske artar og rikmyrartar som t.d. klokkeling, myrtrevier, grønnkurle, engmarihand, fjellmarihand, breiflangre, brudespore, kvitkurle, myrkråkefot, kystmyrklegg, vanleg nattfiol, grov nattfiol og heiblåfjør.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Denne lokaliteten er den einaste i verneplanen som har verneverdi som nasjonalt spesialområde. Formålet med verneforslaget er å sikre eit myrområde med uvanleg rik flora og mange sjeldne planteartar.

#### UTFØRTE INNGREP


Det har vore utmarksslått i området til 1955. Fleire høyløper står no til nedfalls. Ei hytte ligg innafor grensene til lokaliteten, og mange ligg kloss inntil. Mange spor etter traktor og beltekøyretøy.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Små skogbruksinteresser, men området kan vere aktuelt for hyttebygging.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Hytta som alt er der, kan stå, men bygging av nye vil kome i konflikt med verneinteressene. Det foregår i dag ein viss skjøtsel i form av slått i området.



SURNADAL KOMMUNE

TAGDALEN

Kartblad ØK: BST 117-118

Målestokk : 1:20 000

N



**LOKALITET NR. 23 : GRØNKJOLEN  
KOMMUNAR : SURNADAL OG RINDAL**

Kartreferanse M711 : 1421 II Vinjeøra MQ 99, 97-98  
LQ 00-01, 97-99

Areal : 3315 daa

Høgde over havet : 350-620 meter

Gards- og bruksnr. : Surnadal: K Sæterbø, K I Berge  
Rindal : 62/ 1,3,4,7-12 67/ 1  
68/ 4,5

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg på ein sadel i terrenget på vasskillet mellom Bæverdalen og Kårøydalen. Den nedre, vestlege delen av lokaliteten er trelaus. I lia høgare opp og på dei austlege delane står det ein del fjellbjørkeskog. Lia i sør opp mot Torehauet er bratt, og her stikk fjell fram i dagen.

#### FAGLEG VURDERING

Bakkemyrar, dels med stor helling, dominerer. Nedst i liene ved svak helling finst parti med strengmyr og flatmyr. Det er tendensar til terregdekjkjande myr, og erosjon er utbreidd. Fattig bakkemyrvegetasjon med trivielle vegetasjonstypar dominerer. Små parti med rikmyr finst. Suboseaniske artar er vanlege, som t.d. myrkråkefot, heisiv og pyttlav.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit stort og typisk myrområde i fjellet med verneverdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Det har vore slått på myrane, og det står nokre hytter i området.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen

#### SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra, men plan for restaurering av høyløer og igangsetting av myrslått / beite kan verte aktuelt.



**SURNADAL OG RINDAL KOMMUNAR**

**GRØNKJOLEN**

Kartblad ØK: BST 119-120

Målestokk : 1:20 000

N ↑

**LOKALITET NR. 24 : LOMUNDSJØMYRANE  
Kommune : RINDAL**

Kartreferanse M711 : 1521 Løkken NR 21-22, 03  
 Areal : 550 daa  
 Høgde over havet : 230-250 meter  
 Gards- og bruksnr. : 39 / 2 42 / 1,5

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg aust for Lomundsjøen på begge sider av Lomunda, og grensar mot Sør-Trøndelag fylke. Myrane ligg i ei kalkfjellsone, og er kransa av urterik bjørkeskog og dyrka mark. Langs elva veks frodig krattskog.

#### FAGLEG VURDERING

Flatmyr dominerer begge sidene av Lomunda sine meanderar. Store areal er flaumpåverka. Tre ombrotrofe parti er klassifisert som platåhøgmyr, og ein finn og planmyr, små bakkemyrar og to store strengmyrar. Kjelder finst. Variert vegetasjon fra ombrerot til ekstremrik. Det meste av rikmyrvegetasjonen finn ein sør for elva. Høgstarrsump dekkjer store areal, og det er markerte innslag av fuktskogar og vierdominerte myr- og engsamfunn. Av dei mange planteartane ein finn i lokaliteten, kan nemnast; pors, korallrot, myggblom, kastanjesiv, gulsildre, blåsprett, klubbestarr, grønnstarr, ryllsiv, trillingsiv, rome, kvitmyrak og småsivaks.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Størstedelen av lokaliteten er samanfallande med lokalitet nr. 39 i utkastet til verneplan for våtmark. Men nord for denne lokaliteten ligg ei av dei finaste strengmyrane i fylket. Denne myrtypen er sjeldan i god utforming i Møre og Romsdal, og formålet med verneforslaget er da primært å sikre denne myra i tillegg til å dokumentere dei høge verneverdiene i våtmarksområdet ytterligare.

#### UTFØRTE INNGREP


Kraftline avgrensar lokaliteten i sør, og vegar i nord og vest. Inntil myra i nord ligg eit stykke dyrka mark, og fra dette er ein bekk grøfta ned i elva.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ettersom dette området er fremja som naturreservat i to samanhengar, er det ved ei eventuell gjennomføring av vern naudsynt å samordne grenser og verneførersegnar slik at forvaltinga av området blir eintydig.



**LOKALITET NR. 25 : STORSLETTKJØLEN  
KOMMUNE : RINDAL**

Kartreferanse M711 : 1520 IV Trollhetta NØ 22-23, 84  
 Areal : 2125 daa  
 Høgde over havet : 440-530 meter  
 Gards- og bruksnr. : 2 / 1,3,6 4 / 2,3,13,15,20 9 / 1 15 / 1  
 + 95 dekar i S-Tr.lag

#### KORT OMRADESKILDRING

Eit relativt stort myrområde i fjellet mellom Rinna og fylkesgrensa mot Sør-Trøndelag. Lokaliteten ligg nord for Langvatnet i eit landskap samansett av slake aust-vest gåande moreneryggar. Myrområda dekkjer størst areal, men innimellom står skogholt med tre prega av fjellklimaet.

#### FAGLEG VURDERING

Flatmyr, bakkemyr og planmyr dominerer myrlandskapet, og det er innslag av terrengdekkjande myr, øyblandingsmyr og strengmyr. Fattigmyr-vegetasjon dominerer med mest fastmatte. Det er ofte vanskeleg å skilje mellom ombrotrofe og minerotrofe parti. Ombrerotrofe parti har og mest mattevegetasjon. Intermediær vegetasjon dekkjer store areal, rik og ekstremrik myr finst spreidd, særleg vest i lokaliteten. Myra er artsrik, og ein finn m.a. klokkeling i store mengder, svarttopp, rome, gullmyrklegg, blåsprett og ryllsiv.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit fint utvikla myrkompleks med godt utvikla regionale myrtypar. Lokaliteten har mange plantogeografisk interessante artar, og har verneverdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP



Ingen tekniske inngrep aust for vegen.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det føreligg planer om hyttebygging i delar av området, men ved ei slik avgrensing som det er gjort framlegg til, kjem ikkje desse planane i konflikt med verneframlegget. Det føreligg ønskje om dyrking av området inntil vegen i vest.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



## RINDAL KOMMUNE

## **STORSLETTKJØLEN**

N 

Kartblad ØK: BWX 115-116  
Målestokk : 1:20 000

**LOKALITET NR. 26 : BAKLIÅSMYRANE**  
**KOMMUNE : AURE**

Kartreferanse M711 : 1421 IV Skardsøy MR 83-85, 30-31  
 Areal : 705 daa  
 Høgde over havet : 20-90 meter  
 Gards- og bruksnr. : 51/ 1,2,6 55/ 4,6

#### KORT OMRADESKILDRING

Området ligg ut mot Tromdheimsleia heilt nord i Aure, og dekkjer opp ein gradient fra svaberg via fuktig kysthei til ombrotrof myr. Nede ved sjøen er myrflatene små og oppsplitta av fjell og fastmark, men storleiken aukar oppover til det største platået på omlag 60 moh. Også her er myra oppsplitta av furukledd fastmarksryggar.

#### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er oppsplitta i fleire myrparti. Ombrerotrof myr, for det meste planmyr, dominerer. Kraftig erosjon set sitt preg på store delar av området. Tuefrekvensen aukar med aukande helling, og på fleire av myrpartia står det furuskog. Dråg og flatmyrparti har mjukmattedominans. Ombrerotrof vegetasjon dominerer lokaliteten. Småbjørnnskjegg, kvitlyng, dvergbjørk, molte, soldogg og klokkeling er vanlege artar. I tuene er det mest røsslyng, torvull, gråmose og reinlav. Rypebær er ein interessant art som veks her.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein kystnær myrlokalitet med verdi som nasjonalt typeområde. Myrar av denne typen har vore vanleg langs kysten, men i dag er det særskilt få, intakte lokalitetar igjen.

#### UTFØRDE INNGREP


Delar av myrområdet er grøfta, og såleis uaktuelt til verneformål.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Delar av lokaliteten er tenkt til framtidig jord og skogbruksareal.


#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



AURE KOMMUNE

BAKLIÅSMYRANE



Kartblad ØK: BQ 126-5-1,3

Målestokk : ca. 1:6250

**LOKALITET NR. 27 : GJELASÅTRA**  
**KOMMUNE : AURE**

Kartreferanse M711 : 1421 I Hemne MR 88-89, 21  
 Areal : 350 daa  
 Høgde over havet : 110-175 meter  
 Gards- og bruksnr. : 42/ 1,2

#### KORT OMRÅDESKILDRING

Eit relativt lite og avlangt myrområde i ein liten, gryteforma dal. Snaufjell og skogslier pregar det vakre landskapet, med myrområde, Gjelaelva og seterstølen i dalbotnen. Lokaliteten ligg på nordsida av elva og grensar i nord mot bratte knausar og skog.

#### FAGLEG VURDERING

Variert lokalitet med fleire myrtypar. I vest ligg ei svakt utvikla eksentrisk høgmyr med lagg og kantskog. Planmyr dekkjer omlag halve lokaliteten med fleire parti skilde av dråg. Kantskog veks langs planmyrane, men laggen manglar. Lokaliteten har og innslag av flatmyr, særleg i ein eldre meander som i dag ligg noko høgare enn elva. Ombrerotf og fattig vegetasjon. Småbjørnnskjegg, kvitmyrak, røsslyng, torvull, rome, gråmose og reinlav dominerer dei ombrerotrofe partia. I fattigmyra dominerer slåttestarr, flaskestarr, bukkeblad og myrhatt. Suboseaniske artar er vanlege, m.a. klokkeling.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Lokaliteten er ei fin ombrerotf låglandsmyr med ekspansive høljesamfunn. Dette er ein sjeldan myrtype, og formålet med verneforslaget er derfor å sikre denne myra for framtida. Lokaliteten har verneverdi som nasjonalt/regionalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Ingen

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det føregår jordskifte i området, og myrane kan bli aktuelle til oppdyrkning.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



**LOKALITET NR. 28 : RØDMYRA**  
**KOMMUNE : HALSA**

Kartreferanse M711 : 1421 III Halsa MQ 62, 93  
 Areal : 215 daa  
 Høgde over havet : 20-25 meter  
 Gards- og bruksnr. : 10 / 1,2

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten er den siste intakte delen av eit tidlegara stort myrområde på eidet mellom Halsafjorden og Skålvikfjorden.

#### FAGLEG VURDERING

Klart avgrensa høgmyr med svakt utvikla kantskog. Myra er avgrensa av kanalar, dråg og minerotrofe, laggliknande parti. Markerte strukturar som dels er regelbundne. Ombrotrof tuevegetasjon dominerer med småfur, torvull, røsslyng, krekling og gråmose. Elles er rome, småbjønnskjegg, klokkeling og kvitmyrak vanlege artar. I høljer med minerotrof vegetasjon dominerer pors. Suboseaniske artar som knappsiv og lyssiv er vanlege. Myrsaulauk og tvebustarr er eksempel på meir næringskrevjande artar som veks i området.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit myrområde med verdi som nasjonalt typeområde. Slike store og velutvikla høgmyrar er i dag sjeldne i fjordstrøka i Møre og Romsdal.

#### UTFØRTE INNGREP


Lokalietten utgjer berre ein liten del av dei ein gong store myrareala på dette eidet. Sjølve myrflata er intakt, men myra er avgrensa av grøfter på fleire kantar.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Kantane av myra kan nyttast til skogreising.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynt dei første 10 åra.



**LOKALITET NR. 29 : STOKKJØLEN**  
**KOMMUNE : HALSA**

Kartreferanse M711 : 1421 III Halsa MQ 69-70, 99  
 Areal : 570 daa  
 Høgde over havet : 150-200 meter  
 Gards- og bruksnr. : 120/ 1,2,5 121/ 1

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg mellom Valsøyfjorden og Vinjefjorden i eit kupert skoglandskap. Myrkomplekset er oppdelt av mange fastmarksryggar og små skogholt. I nord ligg to tjern som drenerar nordaustover.

#### FAGLEG VURDERING

Planmyr dominerer, og vekslar med flatmyr og bakkemyr. På delar av lokaliteten finst ombrotrofe erosjonsparti i veksling med dråg og flatmyr. På nokre parti er det store høljematter. Ombrotrof vegetasjon dominerer med røsslyng, dvergbjørk, torvull, klokkeling, rome og gråmose som vanlegaste artar på tuene. Kvitmyrak dominerer i høljemattene, rome i bakkemyrane og trådstarr og flaskestarr dominerer på flatmyrane og i dråg. Små flekkar med rik vegetasjon finst. Av meir interessante artar finst m.a. blystarr og sivblom og rikmyrtartane grønnstarr, dvergjamne, bjønnbrodd og breiull.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre det siste store, intakte erosjonskomplekset i låglandet i Halsa kommune. Lokaliteten har verneverdi som nasjonalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Det går ei kraftline gjennom området, og inntil lokaliteten i sør er det bygd veg og grøfta mindre areal for skogplanting.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Skogbruksinteresser på fastmark i og inntil lokaliteten.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Dersom freding vert gjennomførd må grunneigar på 120/5 sikrast tilkomst til skogen sin i Kongslia utanom myrane.



HALSA KOMMUNE

**STOKKJØLEN**

Kartblad ØK: 120-5-2  
Målestokk : ca. 1.6100



**LOKALITET NR. 30** : **SANDVIKMYRANE**  
**KOMMUNE** : **TUSTNA**

Kartreferanse M711 : 1321 II Kristiansund MR 55-56, 09-11  
 Areal : 1125 daa  
 Høgde over havet : 30-75 meter  
 Gards- og bruksnr. : 18/ 1,3,4,8,9,10,15,17,21

#### KORT OMRADESKILDRING

Lokaliteten ligg ytst i Gullsteindalen nordaust på Tustna. Området omfattar flate myrkompleks på begge sider av Storelva/Fållåelva. I aust grensar lokaliteten mot furukledd og snaue kollar og i nord mot veg. Vest for lokaliteten ligg det og fine myrområde, men desse er dels uaktuelle til verneføremål pga. grøfting til dyrking og vegbygging. Myrkompleksa er oppdelte av fastmarksryggar og kollar med furuskog. Også langs elva, som meandrerar gjennom lokaliteten, veks det furuskog.

#### FAGLEG VURDERING

Planmyr med uregelbundne strukturar og stor overvekt av tuer dominerer lokaliteten. Erosjon er vanleg, og kantskog finst. Aust for elva ligg eit høgmyrparti som vert klassifisert til ein overgangstype mellom atlantisk høgmyr og ekte høgmyr. I laggen vest for høgmyra finst parti med ekstremrik vegetasjon. I lokaliteten er det og innslag av øyblandingssmyr og flatmyr utan skarpe grenser mot dei ombrotrofe partia. På tuene dominerer røsslyng, torvull og gråmose, medan molte, rome, klokke-lyng, krekling og dvergbjørk er vanlege. Interessante artar som veks her, er pors, kysttjønnaks, breiull, ryllsiv, kryspsiv, heisiv og kvitmyrak, samt rikmyrartar som myrsnelle, engstarr, loppestarr og myrsaulauk.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein representativ lokalitet for denne typen kystmyrlandskap. Myrtypen har vore vanleg, men denne lokaliteten er i dag eitt av dei få områda som framleis er nokolunde intakt i fylket. Lokaliteten har verneverdi som regionalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP


Inntil lokaliteten i vest er det bygd veg, i sør er store areal dyrka eller planta til med skog, fleire kraftliner og ein vassleidning går gjennom lokaliteten, og ein finn små torvstikk og grøfter fleire stader.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Myrane kan vere aktuelle til dyrkingsformål, men det forutset ei senking av elva.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen tiltak naudsynte dei første 10 åra.



## TUSTNA KOMMUNE

SANDVIKMYRA

Kartblad ØK: BL 121-5-2  
122-5-4

Målestokk : ca. 1:7700

Målestokk : ca. 1:7700



## **5. KVA INNEBERER VERN?**

### **5.1 LOVHEIMEL**

Vern av spesielle naturområde og naturforekomstar skjer i medhald av "Lov om naturvern" av 19.6.1970. Det er i lova gitt heimel for opprettning av ulike vernekategoriar. I samband med verneplan for myr er det aktuelt å bruke kategorien naturreservat.

I § 8 i naturvernlova heiter det:

"Område som har urørt eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart, kan fredes som naturreservat. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogreservat, myrreservat, fuglereservat eller lignende."

For å sikre føremålet med verneforsлага, må det utarbeidast fredningsføresegner. Det vil bli utarbeidd forslag til fredningsføresegner for kvar einskild lokalitet. Her er det vist forslag til generelle fredningsføresegner for myrreservat i Møre og Romsdal.

## 5.2 FORSLAG TIL GENERELLE FREDNINGSFØRESEGNER

FREDNINGSFØRESEGNER FOR ..... NATURRESERVAT I ..... KOMMUNE,  
MØRE OG ROMSDAL FYLKE

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 8, jfr § 10 og §§ 21, 22 og 23, er myrområdet ... i ... kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl res av ... under nemninga "..... naturreservat".

### II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

Reservatet dekkjer eit areal på ca ... dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:5000, dagsett Miljøverndepartementet ....

Kartet og fredningsføresegnene blir oppbevarte i .... kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka, og knekkpunktata bør koordinatfestast.

### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på ....

### IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner:

1. All vegetasjon, også døde buskar og tre, er freda mot ei kvar form for skade og øydeleggjring. Jf likevel punkta V-VII.
2. Nye planteartar må ikkje innførast, og det må ikkje fjernast planter eller plantedelar fra reservatet.
3. For dyrelivet gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.
4. Det må ikkje iverksettast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båt, campingvogn o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, byggjing av vegar, drenering og anna form for tørrleggjring, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utslepp av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddele.

Opplistinga er ikkje uttømmande.

5. Motorisert ferdsel er forbode.

## V

Føresegner i punkt IV er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsføremål.
2. Tradisjonell beiting.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt og fiske etter gjeldande lovverk og føreskrifter.
5. Motorferdsel på snødekt, frozen mark etter til ei kvar tid gjeldande lovverk, føresegner og lokale særreglar.
6. Eventuelle særreglar.

## VI

Forvaltingsstyresmaktene, eller den forvaltingsstyresmaktene bestemmer, kan gje løyve til:

1. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal.
2. Uttak av skog og planting av skog på fastmark.
3. Eventuelle særreglar.

## VII

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskapelege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi og i spesielle tilfelle, dersom det ikke stirr mot føremålet med fredinga.

## IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### **5.3 SAKSBEHANDLING OG FORVALTNING**

Før eit vernetiltak kan gjennomførast blir det gjort eit omfattande førearbeid. Saksbehandlinga omfattar vanlegvis følgjande:

1. Naturfagleg registrering og prioritering av verneverdiane.
2. Etter oppmoding frå Miljøverndepartementet utarbeider Fylkesmannen utkast til verneplan. Grunneigarar blir kontakta.
3. Utkast til verneplan blir sendt til Miljøverndepartementet for fagleg og formell godkjenning.
4. Det godkjende utkastet blir sendt alle berørte partar til høyring.
5. Verneforslaga blir slutthandsama i Miljøverndepartementet på bakgrunn av dei innkomne fråsegnene.
6. Det endelege forslaget blir lagt fram for eit sentralt utval med representantar for Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet, Det Norske Jord- og Myrselskap og Statens naturvernråd (Det såkalla Myrutvalet).
7. Miljøverndepartementet si sluttvurdering blir fremja for regjeringa som kongeleg resolusjon.

Det arbeidet som er utført når dette verneplanutkastet no blir fremja, omfattar punkta 1 og 2.

Ein vil og vise til naturvernlova § 18, der det heiter:

"Før det treffes vedtak om vern eller fredning i medhold av denne lov, skal eiere, brukere eller andre som blir berørt av tiltaket, varsles og gis anledning til å uttale seg innen en nærmere angitt frist. Skulle det hende at vansken med å nå hver enkelt blir for stor, kan det gis varsel gjennom kunngjøring i Norsk lysingsblad og en eller flere aviser i distriktet om at dokumenter vedrørende det påtenkte tiltak er utlagt på formannskapets kontor med anmodning om uttalelse innen en frist som ikke må settes kortare enn 6 uker fra kunngjøringen i Norsk lysingsblad. Berører saken interesser som hører under fylkeslandbruksstyret, fylkesfriluftsnevnda, landbruksnevnda, friluftsnevnda eller andre sakkyndige organer, bør disse få høve til å uttale seg. Det samme gjelder vedkommende kommuner og fylkeskommuner. Departementet kan på forhånd treffenvedtak om midlertidig vern eller fredning som nevnt i første ledd inntil saken er avgjort."

Verneområda vil bli oppmerka, og det vil bli oppsyn der dette er naudsynt. Det vil og bli oppslag i områda om gjeldande verneføresegner.

#### 5.4 ØKONOMISK ERSTATNING

Stortinget har vedteke nye reglar om erstatning ved opprettning av reservat (omfattar og biotopfreding etter naturvernlovas § 9) og naturminne (Ot. prp. nr. 46 for 1983-84 og Innst. O. nr. 2 for 1984-85). Lova vart sett i kraft fra 15. februar 1985. Grunneigarar og rettshavarar i slike område vil ha krav på å få dekka økonomiske tap som er ei følgje av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med lov av 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspropriasjonerstatningslova). Det økonomiske tapet skal fastsetjast på grunnlag av salsverdi eller bruksverdi. Men i begge tilfelle vil det berre kunne krevjast erstatning for slike former for økonomisk utnytting som blir forbode etter vernereglane. I verneområde der grunneigaren kan halde fram med visse former for økonomisk utnytting, som t.d. beite eller hogst av ved til eige bruk, inneber eit slikt erstatningsprinsipp at grunneigaren får mindre i erstatning enn om området hadde vore selt eller ekspropriert.

Sjøl om vernereglane for eit reservat eller eit naturminne kan tillate ei viss næringsdrift, er vanlegvis større endringar i driftsforma forbode.

Det kan t.d. vere forbod mot intensiv skogsdrift i form av skogsvegar, grøfting, sprøyting og planting. Økonomiske tap som følgje av eit slikt forbod kan krevjast erstatta dersom ei slik meir intensiv drift må reknast som ei "pårekneleg utnytting som det røynleg er grunnlag for etter tilhøva på staden" (ekspropriasjonerstatningslovas § 5). Også dette spørsmålet må vurderast konkret fra sak til sak. Når ein tek omsyn til påreknelege bruksendringar i samband med erstatningsutmålinga, bestemmer imidlertid dei nye reglane i naturvernlovas § 20 tredje ledd at den verdi som heng saman med offentlege tilskot til bruksomlegging, ikkje skal erstattast.

Grunneigarar og rettshavarar i landskapsvernombjørn har ikkje krav på erstatning etter dei nye reglane. Det same gjeld ved midlertidig vern. Statens erstatningsplikt ved opprettning av slike verneområde er regulert i naturvernlovas § 20b som lyder:

"Økonomisk tap som følge av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer."

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne bestemminga siktar ein til dei retningslinene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i Grl. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjonar på utnytting av fast eigedom. Miljøverndepartementet vil peike på at det berre er i unnatakstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av vernevedtaket, at eit vedtak om opprettning av landskapsvern eller midlertidig freding kan utløyse krav om erstatning. Eigalar eller rettshavarar som meiner å ha krav på erstatning etter denne bestemminga, må sjøl setje fram krav for vedkommande domstol innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i reservat eller naturminne må setje fram skriftlege krav til vedkomande fylkesmann innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er eit vilkår for rett til erstatning etter dei nye reglane.

Miljøverndepartementet tek sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Departementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den dessutan kan føre til eit raskare erstatningsoppgjer.

Dersom naturvernstyresmaktene og dei berørte partane ikkje blir einige, må det offentlege sjøl setje fram krav om rettsleg skjønn for vedkomande domstol. Skjønnsretten vil da fastsetje erstatninga. Staten må setje fram krav om rettsleg skjønn innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket om ikkje grunneigaren går med på utsetjing av fristen.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekte sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit eventuelt fredingsvedtak vil det bli gjeve ei nærmere orientering om erstatningsreglane og om framgangsmåten ved fastsetjing av erstatningssummen.

## 6. FORKLARING AV EIN DEL ORD OG UTTRYKK

- Biotop: Eit nokolunde einsarta område som er levestad for eit bestemt samfunn av dyr eller plantar.
- Blandingsmyr: Myrparti med veksling mellom ombrotrofe tuer eller strengar og minerotrofe parti. Vi skil mellom øyblandingsmyr, strengblandingsmyr og palsmyr.
- Ekstremrik myr: Minerogen myr som får tilført kalkrikt grunnvatn. Veksestad for særskilt kravfulle og kalkkrevjande myrplantar.
- Fastmatte: Myr som er fast å gå på, og som i liten grad får merker ved trakk. Jf Tue, mjukmatte og lausbotn.
- Fattigmyr: Minerogen myr som får tilførsel av grunnvatn med lite mineralnæringsstoff. Nøysame planter dominerer vegetasjonen.
- Flarkar: Avgrensa våte og flate parti på minerogen myr.
- Floraelement: Planteartar som i hovudtrekk viser lik geografisk utbreiing
- Gjøl: Sekundær vass-samling på myr.
- Hydrologi: Læra om vatnet sin fysikk, kjemi og rørsle.
- Hydrotopografi: Skildring av vasshushald og terregngstruktur ved vatnet si rørsle. Blir brukt til å forklare korleis ei myr får tilført vatn.
- Høljer: Blaute parti på ombrogen myr.
- IBP-CT Telma: Forkorting for "Det internasjonale biologiske program, seksjon Telma." Telma (latin) = myr. Prosjektet går ut på å sikre eit representativt utval av myr over heile verda.
- Intermediær myr: Mellom-rik minерogen myr som får tilført grunnvatn med middels innhald av mineralnæringsstoff. Middels kravfulle myrplantar dominerer vegetasjonen.
- Jordvassmyr: Det samme som minерogen myr.
- Kantskoq: Skogvegetasjon oftast i skråninga ned mot fastmark på høgmyr.
- Lagg: Kantsone som omgir eit ombrogent myrkopleks. Laggen ligg mellom fastmark og myrflate og har minerotrof vegetasjon.
- Lausbotn: Myrparti med lita bereevne. Oftast utan

vegetasjon og med synleg grunnvatn det meste av året. Jf tue, fastmatte, og mjukmatte.

Minerogen myr:

Jordvassmyr. Myr som blir tilført grunnvatn med mineralnæringsemne i tillegg til nedbørsvatn.

Minerotrof vegetasjon: Vegetasjon som krev tilførsel av grunnvatn for å trivast.

Mjukmatte:

Avgrensa parti på myr som får varige spor ved trakk. Veksestad for væteelskande plantar. Jf tue, fastmatte og lausbotn.

Myrelement:

Myrområde med nokolunde einsarta struktur, t.d. kantskog eller lagg.

Myrelementsamling:

Ei samling myrelement utgjer den delen av myra som det er mest naturleg å bruke når ein skal dele inn myrane etter utforming som t.d. planmyr og flatmyr.

Myrflate:

Den delen av myra som ikkje er påvirka av fastmark. Her veks stort sett typiske myrplantar.

Myrkopleks:

Det vi i naturen til vanleg meiner med ei myr. Ofte samansett av fleire myrelementsamlinger.

Nedbørsmyr:

Det same som ombrogen myr.

Ombrogen myr:

Nedbørsmyr der vegetasjonen berre får tilført vatn gjennom nedbøren. Vegetasjonen består berre av nøyssame planteartar.

Ombrotrof vegetasjon: Nøyssam vegetasjon som berre treng tilførsel av nedbørsvatn for å trivast. Artsfattige plantesamfunn.

Rikmyr:

Minerogen myr som får tilført kalkrikt grunnvatn. Veksestad for kravfulle plantar.

Strenger:

Ein myrstruktur av smale "ryggar" på tvers av hellingsretninga, og som verkar demmande på overflatevatnet.

Strukturar:

Samlebegrep på dei minste einingane ein brukar for å klassifisere ei myr. I myrplanarbeidet er det skilt mellom tue, hølje, streng, flark og gjøl.

Tuer:

Myrstruktur, ofte tørre og mest vanleg på ombrotrof myr, men finst også på fattigmyr.

Økologi:

Læra om tilhøvet mellom alt levande, om miljøet dei lever i og tilhøvet mellom alt levande og deira miljø.

Økosystem:

Samling av plante- og dyresamfunn i eit nokolunde avgrensa område og det totale miljøet som desse samfunna lever i. Eit myrkopleks kan slik vere eit økosystem.

## 7. LITTERATURLISTE

- Abrahamsen, J m.fl. Naturgeografisk regionindelning av Norden. NU B  
1977 34: 1-137
- Aune, E I og J I Holten. Flora og vegetasjon i vestre Grødalens, Sunndal kommune, Møre og Romsdal. DKNVS.Mus. Rapp. Bot. Ser. 1980-6.
- Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal, jordbrukssetaten. Melding 1984
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. 1982
- Hagen, M. Botaniske undersøkelser i Grøvuområdet, Sunndal kommune, Møre og Romsdal fylke. DKNVS.Mus. Rapp. Bot. Ser. 1976-5
- Hagen, M og J I Holten. Undersøkelser av flora og vegetasjon i et subalpint område, Rauma kommune Møre og Romsdal. DKNVS Mus. Rapp. Bot. Ser. 1976-7
- Holten, J I. Botaniske undersøkelser i Meisalvassdraget, Sandviksbotnen og langs Grytneselva i forbindelse med planlagt kraftutbygging. DKNVS Mus. Bot. avd. Trondheim 1982
- Hovde, O. Det norske myrselskaps myrinventeringer 1934-1970. Særtr. Medd. norske myrselsk. 1971-2
- Kvam, E & T Løvset. Taksering av norske skoger. Utført av Landsskogstakseringen. Deler av Møre og Romsdal fylke. Halden 1963
- Lid, J Norsk og svensk flora. 4. utg. 1974
- Lye, K A. Moseflora. 1968
- Moen, A. Markslåttens påvirkning på vegetasjon og landskap. Trondhjems Turistforenings Arbok 1970
- Moen, A. og medarb. Myrundersøkelser i Nord-Trøndelag i forbindelse med den norske myrreservatplanen. DKNVS.Mus. Rapp. Bot. Ser. 1983-1 Universitet i Trondheim.
- Moen, A. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. DKNVS. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1984-5. Universitetet i Trondheim
- Det Norske Jord- og Myrselskap, Meddelelser.
- Skogen, A. Karplanteflora og vegetasjon i Folladalen, Trollheimen, Møre og Romsdal. DKNVS Mus. Arb. 1967
- Trollheimsutvalet. Verneplan for Trollheimen. 1980

Statistisk Sentralbyrå. Landbrukstellinga 20. juni 1979. Møre og Romsdal. Kongsvinger 1981

Statistisk Sentralbyrå. Statistisk fylkeshefte 1983 Møre og Romsdal.

Sæther, B. Flora og vegetasjon i Istras nedbørsfelt, Møre og Romsdal. Botaniske undersøkelser i 10-års verna vassdrag. DKNVS Mus. Rapp. Bot. Ser. 1982-3

Østereng Borchgrevink, A. Peat as fuel in Norway. Ethnologia Scandinavica 1972

Vold, L E Flora og vegetasjon i Toåas nedbørsfelt, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Bot. undersøkelser i 10-års verna vassdrag. DKNVS Mus. Rapp. Bot. Ser. 1981 - 10

(DKNVS = Det Kgl. Norske Vitenskabers Selskap)